




Vi trur på Noreg

Høgres program
for 2017–2021



HØGRES FORMÅLSPARAGRAF

"Høgre vil føre ein konservativ framstegspolitik, bygd på det kristne kulturgrunnlaget, rettsstaten og folkestyret, for å fremme personleg fridom og sosialt ansvar, medråderett og eigedomsrett, og eit forpliktande nasjonalt og internasjonalt samarbeid."

(Vedteke på landsmøtet i Stavanger i 1971)

INNHALD

04

Vi trur på Noreg

14

Eit trygt land

42

Sikre og skape arbeidsplassar

70

Raskare fram og tryggare heim

82

Ein god start i livet

110

Hjelp når du treng det

122

Ei helseteneste for pasienten

144

Grøn omstilling og berekraftig framtid

162

Kultur, idrett og mangfald

180

Fornye, forenkle og forbetre offentlig sektor

INTRO- DUKSJON

Tryggleik i kvardagen	8
Ein god start i livet	9
Ein jobb å leve av og høve til å satse	10
Høve til å delta og bli inkludert	11
Hjelp og omsorg når du treng det	12
Det grøne skiftet	13

VI TRUR PÅ NOREG

Vi som bur i dette landet, skaper moglegheitene saman.

Gjennom generasjonar har vi skapt eit samfunn med økonomisk velstand og god velferd, eit samfunn der vi har tillit til kvarandre og kan jobbe saman om felles mål, eit land der det er mogleg for alle å lukkast, uavhengig av bakgrunn.

Som samfunn skal vi sikre grunnleggjande tryggleik for deg og dine, samtidig som vi skal gi enkeltmenneske og familiar fridom til å velje, rom til å satse og til å kunne skape si eiga framtid.

Vi trur på Noreg fordi vi trur på alle som bur her: på enkeltmenneske, familiar og lokalsamfunn og på den enkelte sitt initiativ i næringsliv og frivillige organisasjonar. Vi trur at fellesskapen blir sterkare når han er prega av fridom og ansvar, og når så mange avgjerder som mogleg blir tekne nær den det gjeld. Vi trur at innsatsvilje og skaparkraft styrkjer, ikkje svekkjer, fellesskapen. Vi trur på Noreg fordi landet vårt har store ressursar som vi kan utnytte saman

I neste fireårsperiode vil landet vårt stå overfor store utfordringar, og vala vi tek, får følgjer for korleis neste generasjon får det.



Vår jobb er å ta vare på det beste i Noreg og bringe det vidare til kommande generasjonar.

For å vere trygge og for å utnytte dei ressursane vi har, må vi tilpasse oss ei ny verkelegheit. Verda endrar seg, samfunnet endrar seg, og nye oppgåver må løysast. Da er ikkje alltid løysingane frå i går tilstrekkelege. Å byggje Noreg for framtida inneber difor ei gradvis endring og skrittvis reformer – ikkje fordi endring er eit mål i seg sjølv, men fordi vi som samfunn må handtere endringane.

Ny usikkerheit:

Verda er meir ustabil enn på mange år. Nye truslar frå autoritære krefter, terrorangrep mot uskuldige og fleire ustabile statar påverkar oss her heime. Ingen kan lenger tru at Noreg er isolert frå det som skjer ute i verda. I ein slik situasjon er det avgjerande at Noreg har eit sterkt forsvar og eit politi som sørgjer for at vi er trygge i kvardagen, og at vi fører ein stabil og føreseieleg utanrikspolitikk.

Den store omstillinga:

Olje- og gassnæringa vil vere viktig i mange tiår framover, men Noreg treng fleire økonomiske bein å stå på. Vi skal igjennom eit grønt skifte for å sikre ei meir miljøvennleg og berekraftig verdiskaping, og vi skal handtere eit arbeidsliv der teknologien sprengjer stadig fleire grenser. Velferda vår er avhengig av at vi legg til rette for at eksisterande arbeidsplassar ikkje går

tapt, samtidig som det blir skapt nye. Dersom bedriftene våre går dårleg, blir det også færre jobbar. Dersom det er vanskeleg å skape nye arbeidsplassar, eller dersom færre bidreg til fellesskapen, vil velferda på sikt bli trua. Dersom vi ikkje utnyttar dei nye teknologiske løysingane, vil vi sakke akterut. Vi må oppmuntre til innsats og initiativ for å tryggje og skape jobbar i privat sektor.

Berekraftig velferd:

Noreg vil få lågare inntekter frå oljen i åra framover. Samtidig står vi overfor uløyste oppgåver på ei rekkje område: Barn skal få ein god start på livet, vi skal ta hand om og integrere flyktningar og asylsøkjjarar, vi skal motarbeide sosiale forskjellar og sikre ei god og verdig eldreomsorg for stadig fleire eldre. Dersom vi ikkje klarer å prioritere dei viktigaste oppgåvene, vil velferda for oss alle bli dårlegare. Vi må prioritere det offentlege sine kjerneoppgåver, og vi må bruke oljeinntektene våre til beste for kommande generasjonar.

Høgre har ein visjon om eit samfunn der alle skal kunne lukkast. Politikk er viktig, men eit godt samfunn kan ikkje skapast av politikarar. Eit godt samfunn byggjer på fridom og mangfald og gjer rom for innsats og initiativ frå enkeltmenneske, familiar, lokalsamfunn, frivillige og næringsliv.

I neste fireårsperiode vil landet vårt stå overfor store utfordringar, og vala vi tek, får følgjer for korleis neste generasjon får det.



TRYGGLEIK I KVARDAGEN

Høgre vil sikre den grunnleggjande tryggleiken vår gjennom eit sterkt forsvar.

Som ein del av utanrikspolitikken ønskjer Høgre å verne om europeiske grunnverdiar – som ytringsfridom, likebehandling og demokrati. Vi vil ha eit synleg og nærverande politi, og vi vil føre ein streng og føreseieleg asylopolitikk.

HØGRE VIL:

- › ha eit synleg og effektivt politi som bidreg til å førebyggje, motarbeide og oppklare kriminalitet, og som forhindrar terror og radikalisering
- › føre ein streng, rettferdig og føreseieleg asylopolitikk
- › fornye og styrkje Forsvaret for å verne landet og tryggje innbyggjarane
- › føre ein utanrikspolitikk som forsvaret norske interesser, demokratiet og menneskerettane

EIN GOD START PÅ LIVET

Høgre vil arbeide for at alle skal ha ein god oppvekst og ei god utdanning.

Den norske barnehagen og skulen skal gje den enkelte trygge rammer og nødvendige ferdigheiter til å klare seg gjennom resten av livet.

HØGRE VIL:

- › satse på læring gjennom leik i barnehagen for å stimulere sosial utvikling og sørgje for at barna har gode språkferdigheiter når dei begynner på skulen
- › forsterke tidleg innsats i skulen, slik at alle barn lærer seg grunnleggjande ferdigheiter og opplever meistring i skulen
- › halde fram med løftet for yrkesfaga og fleire lærlingplassar
- › styrkje hjelpetilbodet til utsette barn og unge

Den viktigste velferden er å ha en jobb å gå til.



EIN JOBB Å LEVE AV OG HØVE TIL Å SATSE

Den viktigaste velferda er å ha ein jobb å gå til.

Vi må både tryggje dei arbeidsplassane vi har, og leggje til rette for å skape nye. Vi må oppmuntre entreprenørskap og gründerar og sikre at bedriftene våre kan få vekse. Høgre vil ha eit inkluderande arbeidsliv der fleire enn i dag deltek.

HØGRE VIL:

- › sikre arbeidsplassane gjennom trygg økonomisk styring og gode vilkår for bedriftene
- › oppmuntre og leggje til rette for at fleire startar nye bedrifter
- › føre vidare den store satsinga på forsking og utvikling
- › fortsetje satsinga på å byggje ut og ruste opp vegar, kollektivtrafikk og jernbane
- › fortsetje arbeidet med å forenkle og redusere unødvendig byråkrati

HØVE TIL Å DELTA OG BLI INKLUDERT

Høgre vil sørkje for at alle som kan og vil, får delta i samfunnet.

Personar som står utanfor av ulike årsaker, må sikrast tilrettelegging og hjelp. Høgre vil bidra til at alle kan delta på fellesarenaer som barnehage, skule, arbeidsplass og frivillige organisasjonar.

HØGRE VIL:

- › ha ein rask og målretta innsats for å gje asylsøkjjarar som nettopp har komme til landet, opplæring i norsk språk og kultur og hjelp til å komme i arbeid
- › gjere det lettare for sosiale entreprenørar å delta i velferdsarbeidet i samfunnet
- › sørkje for at alle barn kan norsk før dei begynner på skulen
- › sikre at alle barn og unge får høve til å delta i fritidsaktivitetar og på sosiale og faglege arenaer



HJELP OG OMSORG NÅR DU TRENG DET

Høgre vil ha eit velferdssystem som hjelper deg når du treng det. .

Vi vil skape ei helseteneste som er til for pasienten, og arbeide vidare med å redusere helsekøar og ventetider. Vi må motarbeide sosiale forskjellar gjennom eit betre utdanningssystem og gje meir målretta hjelp til dei som treng det mest. Velferdssystemet må gje folk ein ny sjanse, ikkje låse dei ute frå arbeidsmarknaden.

HØGRE VIL:

- › fortsetje arbeidet med å redusere køar og ventetider i helsetenesta
- › utvide pakkeforløpa som er innførte i kreftbehandlinga, ved å inkludere fleire folkesjukdommar
- › byggje ut det psykiske helsevernet
- › sikre ei god og verdig omsorg som er tilpassa individuelle behov, og ta i bruk velferdsteknologi for å betre kvaliteten på tenestene
- › reformere velferdssystemet for å sikre den grunnleggjande tryggleiken og gje fleire ein sjanse i arbeidslivet

DET GRØNE SKIFTET

Det ideologiske utgangspunktet for Høgre er forvaltaransvaret.

Vi må etterlate kloden vi overtok frå forfedrane våre, i minst like god stand til etterkommarane våre. Det grønne skiftet gjer oss høve til å utvikle ny teknologi og skape nye jobbar. Høgre meiner at Noreg skal realisere lågutsleppssamfunnet og bidra til å oppfylle Paris-avtalen.

HØGRE VIL:

- › leggje til rette for omstillinga til eit grønar samfunn med nye, berekraftige jobbar gjennom å stille miljøkrav og ved å bruke skatte- og avgiftssystemet
- › bidra til rask innfasing av null- og lågutsleppsløysingar, slik at transportsektoren blir utsleppsfri
- › styrkje statlege verkemiddel som reduserer den økonomiske risikoen bedrifter tek på seg ved å prøve ut ny teknologi
- › stille krav og innføre tiltak som bidreg til miljøvennleg by- og stadutvikling i kommunane

EIT TRYGT LAND

I DETTE KAPITTELET:

Eit sterkt forsvar	16
Tryggleik i kvardagen	21
Ta vare på dei unge	22
Trygge lokalsamfunn og eit effektivt politi	24
Beredskap mot truslar og fare	26
Eit moderne rettsvern	28
Lovbrot og straff	30
Noregs rolle i verda	31
Utvikling gjennom idealisme og realisme	34
Menneskerettane	36
Innovasjon i nordområda	38
Streng asylpolitikk, god integrering	40



EIT STERKT FORSVAR

Høgre gjenreiser forsvarsevna og vil byggje eit forsvar med kampevne og økonomisk berekraft for å verne landet og tryggje innbyggjarane.

Det viktigaste ansvaret staten har, er å sørge for tryggleik for innbyggjarane og for samfunnet. Høgre vil utvikle vidare eit forsvar som sikrar norske interesser og norsk suverenitet og handlingsfridom, og som gjer oss i stand til å oppfylle forpliktingane våre i NATO og i nærområda våre. Høgre meiner at vi best tek vare på dei tryggingsspolitiske interessene våre ved å bidra til avspenning, avskrekking, tryggleik og stabilitet i norske nærområde, og ved å bidra internasjonalt til å hindre at terrorisme spreier seg. Samtidig vil Høgre styrkje og fornye Forsvaret. Den tryggingsspolitiske utviklinga stiller Noreg overfor nye utfordringar både heime og ute.

Høgre vil prioritere forsvarsevna og fortsetje å styrkje reaksjonsevna, kampkrafta og evna til å halde ut. Det er viktig å sørge for tilstrekkelege økonomiske ressursar til øving og trening, drift og vedlikehald, investeringar og rekruttering av eigna og motivert personell. Forsvaret må ha ein balanse mellom økonomi, oppgåver og struktur som er berekraftig over tid.

Høgre vil behalde den allmenne verneplikta. Høgre meiner at vi har ei sterk forplikting til å ta vare på veteranane våre. I ei tid med nye og komplekse truslar vil Høgre modernisere og forsterke totalforsvaret, i tett samarbeid mellom forsvarssektoren og samfunnet elles. Det at vi har ein norsk forsvarsindustri, bidreg til å styrkje forsvarsevna gjennom stabil forsyning og materiellberedskap. Nasjonale løysingar for utvikling, produksjon og vedlikehald av kritisk materiell er nødvendig for å ta vare på tryggleiken vår.

HØGRE VIL:

- › byggje ei moderne og relevant landmakt der oppgåvene til Hæren og strukturen og kapasiteten til Heimevernet blir utvikla vidare for å auke den operative evna, samtidig som særtrekka ved organisasjonen blir tekne vare på
- › utvikle vidare eit konsept for bruk av reservistar som sikrar Forsvaret relevant kompetanse og bidreg til nødvendig styrkeoppbygging ved behov
- › oppretthalde og forbetre situasjonsforståing og evne til krisehandtering
- › styrkje reaksjonsevna, kampkrafta og evna til å halde ut, leggje til rette for allierte forsterkingar, styrkje det bilaterale og fleirnasjonale samarbeidet, auke det militære nærværet og leggje til rette for meir øving og trening
- › halde fram med den nødvendige omstillinga og moderniseringa av Forsvaret for å auke den operative evna og vere godt rusta til å møte trusselbiletet i dag og i framtida
- › sikre eit heilskapleg og balansert forsvar med gjensidig forsterkande kapasitetar innan land-, sjø- og luftmakt
- › behalde den allmenne verneplikta fordi det er ein viktig del av samfunnskontrakten og eit viktig band mellom Forsvaret og samfunnet
- › sikre eit sterkt norsk territorialt nærvær i nærområda våre, situasjonsforståing, suverenitetshevding i heile landet og ei truverdig førebyggjande avskrekking
- › halde fram med ein reell og betydeleg auke av løyvingane til Forsvaret. Høgre sluttar opp om avgjerdene frå NATOs toppmøte i Wales i 2014, som fastset ei målsetjing for medlemslanda om gradvis å auke forsvarsbudsjetta opp mot 2-prosentmålet i løpet av eit tiår. I tråd med dette vil Høgre også fortsetje å bruke minimum 20 prosent av forsvarsbudsjettet på investeringsar i Forsvaret

- › sørge for at Noreg held fast ved dei forplikingane som følger av NATO-samarbeidet, både ved å støtte opp om NATOs permanente nærvær i Noreg og gjennom å ta ansvar for internasjonal tryggleik og stabilitet som del av alliansen
- › utvikle vidare det nordiske forsvarssamarbeidet (NORDEFCO) som eit tillegg til samarbeidet med våre allierte i NATO
- › motarbeide internasjonal terrorisme gjennom politiske og økonomiske verkemiddel og gjennom å delta i internasjonalt samarbeid og internasjonale operasjonar
- › bidra til å halde ved lag og utvikle vidare ein internasjonalt konkurranse-dyktig norsk forsvarsindustri med gode gjenkjøpsavtalar
- › ta vare på dei som får fysiske og psykiske skadar etter å ha delteke i internasjonale operasjonar for Noreg
- › samarbeide meir med andre nasjonar om kjøp av forsvarsmateriell der det gjer operativ og økonomisk meirverdi, og stille strenge krav til norsk våpeneksport
- › leggje til rette for at avdelingane i Forsvaret kan heve nivået på øving og trening og sikre kortare klartider
- › utvikle vidare det bilaterale forsvarssamarbeidet med USA, mellom anna ved førehandslagring av militært materiell i Noreg
- › styrkje den operative kapasiteten i cyberforsvar og etterretning i tråd med ny teknologi og krav til samordning
- › styrkje samarbeidet mellom politi og forsvar
- › utvikle totalforsvaret vidare





TRYGGLEIK I KVARDAGEN

Høgre vil ha eit synleg og effektivt politi som bidreg til å førebyggje, motarbeide og oppklare kriminalitet, og som forhindrar terror og radikalisering.

Noreg og Europa er utsette for alvorlege truslar som rettar seg mot både enkeltpersonar, institusjonar og viktige verdiar i samfunnet vårt. Krig i nærområda våre, terror, menneskehandel, kidnapping og cyberkriminalitet er eksempel på at det er skapt eit nytt trussel- og kriminalitetsbillete. Høgre meiner det gjer det nødvendig å forsterke beredskapen mot angrep retta mot norske borgarar, institusjonar, næringsliv og sivil sektor. Den grunnleggjande rettstryggleiken og personvernet for befolkninga skal takast vare på. Høgre vil styrkje beredskapen ved kriser og ha strenge straffar for alvorleg kriminalitet.





TA VARE PÅ DEI UNGE

Høgre vil styrkje det kriminalitetsførebyggjande arbeidet. Tiltak mot radikaliserings og ekstremisme må prioriterast.

Det viktigaste førebyggjande arbeidet startar med barn og unge. Gode skolar og varierte fritidstilbod er viktige føresetnader for inkluderande lokalsamfunn og gode oppvekstvilkår for barn. Høgre vil ha eit synleg politi som samarbeider godt med lokalsamfunn, frivillige organisasjonar, idrettslag, skolar, kommunar og kriminalomsorg. Høgre vil arbeide for å fjerne opne rusmiljø og ha nulltoleranse for sal av illegale rusmiddel i område der barn og unge ferdest.

Arbeidet med å førebyggje radikaliserings og ekstremisme må prioriterast. Kommunar må lære av andre kommunar som har fått i gang viktig arbeid på dette området, slik at evna til å oppdage unge i faresona blir større, og slik at det blir lettare å setje inn nødvendige tiltak i tide.

HØGRE VIL:

- › ha eit politi som er til stades lokalt og tilgjengeleg på nett, kombinert med sterkare fagmiljø i politidistrikta
- › utvikle vidare politiråda, styrkje det lokale førebyggjande arbeidet og utvikle vidare målretta tiltak for lokalt arbeid mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme
- › forbetre bruken av konfliktråd, ungdomsstraff og oppfølgingsteam for unge lovbrytarar i mindre alvorlege saker
- › i større grad ta i bruk alternative straffereaksjonar for å halde unge lovbrytarar som har gjort seg skuldige i mindre alvorleg kriminalitet, utanfor fengsel
- › styrkje det tverrfaglege samarbeidet mellom politi, helse-, oppvekst- og kulturfunksjonar i kommunane
- › mobilisere frivilligheita for å bidra til å førebyggje og motverke rekruttering til kriminelle miljø og ekstreme grupperingar
- › intensivere arbeidet mot tvangsekteskap, familievald og hatmotivert vald
- › sikre at politiet har spesialkompetanse innan familievald, vald mot barn og vald i nære relasjonar
- › styrkje PST ytterlegare til å hindre grenseoverskridande kriminalitet, som terror og cyberangrep

TRYGGE LOKALSAMFUNN OG EIT EFFEKTIVT POLITI

Høgre vil ha ein effektiv og synleg politiberedskap over heile landet og rask behandling av straffesaker. Vegen frå dom til straff skal vere kort.

Lokalkunnskap, lokalt nærvær, god kompetanse og beredskap i alle politidistrikt er viktig for at menneske skal kjenne seg trygge, og for at politiet skal kunne løyse oppgåvene sine. Høgre ønskjer ei rask behandling av straffesaker og at lovbrøt blir straffa kort tid etter rettskraftig dom. Melde saker må etterforskast og eventuelt straffefølgjast. Satsinga på virtualisering og simuleringsteknologi innan for eksempel beredskaps- og nødetatane må styrkjast.

Politiet må vere rusta til å møte trusselen frå terror og organisert kriminalitet. Inngripande politimetodar skal vere underlagde streng domstolskontroll og berre brukast mot personar og miljø som er mistenkte for svært alvorleg kriminalitet.

HØGRE VIL:

- › at politiet skal ha gode og effektive metodar for å hindre kriminalitet, men sikre at politimetodane alltid blir haldne opp mot omsynet til personvernet og rettstryggleiken
- › sikre at politiet har tilstrekkeleg kompetanse og moderne teknologi til å styrkje beredskapen og hindre kriminalitet
- › gje politiet tilstrekkeleg kapasitet til å prioritere kvardagskriminalitet
- › intensivere innsatsen mot vald i nære relasjonar gjennom krisesenter og andre kompetansemiljø
- › auke kapasiteten i politiet sine einingar for datakrim for å møte nye utfordringar med kriminalitet og truslar på internett og i sosiale medium
- › ha eit tett justispolitisk samarbeid med EU og internasjonale organisasjonar om grenseoverskridande kriminalitet, menneskehandel og terrorisme



- › opne for å bruke fleire akkrediterte leverandørar av DNA-analysar for å sikre raskare oppklaring og betre rettstryggleik
- › styrkje satsinga på virtualisering og simuleringsteknologi, for eksempel innanfor beredskaps- og nødetatane
- › styrkje arbeidet med å hindre overgrep mot barn
- › ha eit tett samarbeid mellom kommunane og politiet, særleg innan forebygging, gjennom forpliktande SLT-samarbeid og politirådsarbeid og ein fast politikontakt i alle kommunar
- › sikre politiet nødvendig kapasitet til å møte trusselsituasjonen og dei særskilde kriminalitetsutfordringane i storbyane
- › sikre strenge restriksjonar på oppbevaring og bruk av overskotsinformasjon frå kommunikasjonskontroll og gjennomgå reglane for oppbevaring og bruk av slik informasjon
- › tillate pils i park

BEREDSKAP MOT TRUSLAR OG FARE

Høgre vil sikre myndigheiter, sivilsamfunn og privatpersonar mot angrep, truslar og fare.

Trusselbiletet i samfunnet vårt er i stadig forandring. I tillegg til naturkatastrofar og ekstremvær utgjør terror, alvorleg kriminalitet og digitale angrep mot myndigheiter, privatpersonar og selskap nokon av dagens truslar. Det er avgjerande at vi både førebyggjer og avdekkjer truslar frå ekstreme og militante grupper eller enkeltpersonar.

HØGRE VIL:

- › styrkje PST ytterlegare for å sikre ein best mogleg beredskap i kampen mot terror, spionasje og radikalisering
- › prioritere å motarbeide organisert kriminalitet
- › trene dei ulike nødetatane og beredskapsaktørane slik at det blir betre samarbeid mellom dei
- › fortsetje å forbetre samarbeidet mellom Forsvaret, politiet og sivile myndigheiter og utvikle vidare totalforsvarskonseptet for gjensidig sivil-militær støtte i fredstid, krise og konflikt
- › ha ei god digital etterretning og nasjonal koordinering som sikrar Noreg mot alvorlege cyberangrep, ID-tjuveri og spionasje mot myndigheiter, bedrifter og enkeltpersonar
- › sikre samarbeid mellom beredskapsmyndigheiter og humanitære og samfunnsnyttige organisasjonar som tek vare på beredskaps- og redningsfunksjonar i samfunnet
- › at norsk politi som hovudregel skal vere uvæpna, men at generell væpning av politiet kan tillatast i trusselsituasjonar der det er eit ekstra sterkt behov for å beskytte befolkninga og viktige samfunnsinstitusjonar eller stader og objekt som er særleg terrorutsette





EIT MODERNE RETTSVERN

Høgre vil ta vare på rettsvernet til borgarane og ta i bruk ny teknologi for å sikre ei effektiv, grundig og rettferdig behandling i domstolane.

Høgre meiner det er viktig for rettskjensla og tilliten til rettsstaten at alle saker i rettsvesenet blir behandla grundig og effektivt. Alle borgarar skal ha lik behandling i rettsvesenet. Domstolane må vere rusta til å handtere ei utvikling der politiet får større kapasitet til å etterforske og påtale fleire saker. Høgre ønskjer å digitalisere saksgangen, slik at sakene blir behandla raskare. I behandlinga av større straffesaker bør tryggleiksnivået i domstolane hevast.

HØGRE VIL:

- › leggje til rette for lyd- og biletbruk i alle rettssalar for å dokumentere saksgangen og vitneprova, slik at dei kan brukast i ein eventuell anke
- › auke kapasiteten ved domstolane for å handtere auken i saksmengda både i sivile og i strafferettslege saker, og korte ned tida mellom lovbrøt og eventuell varetektsfengsling, domfelling og soning i straffesaker
- › leggje til rette for at alle sakspapir og dokumentbevis ligg føre i digital form, for å spare saksbehandlingstid i alle ledd og samtidig styrkje rettstryggleiken

- › heve tryggleiksnivået i rettslokala
- › styrkje rettstryggleiken gjennom eit betre og meir målretta offentleg rettshjelpstilbod og ta vare på dei alternative rettshjelpstilboda
- › sørge for rask innkalling til soning ved tilståingsdommar
- › forbetre tilbodet om vitnestøtte og oppfølging av pårørande
- › oppheve forbodet mot kjøp av seksuelle tenester for å betre situasjonen til sexarbeidarane
- › styrkje arbeidet mot menneskehandel og tilpasse lovverket for å gjere kvardagen til sexarbeidarane tryggare
- › støtte program og tenester som jobbar for å få menneske ut av prostitusjon
- › gjennomgå straffelovgjevinga med sikte på å fjerne unødvendige forbod

LOVBROT OG STRAFF

Høgre vil ha strenge straffer for alvorlege lovbrøt.

Straffa skal vere ein effektiv, rettferdig og føreseieleg reaksjon på kriminalitet og lovbrøt. Høgre meiner at eit godt straffesystem er det viktigaste verket middelet staten har for rehabilitering, for preventive signal og for å ta vare på den allmenne rettsoppfatninga i samfunnet. For å sikre straffa legitimitet må alle ledd i straffekjeda ha kapasitet til høvesvis etterforsking, rettsbehandling og fengsling.

HØGRE VIL:

- ha eit straffenivå som samsvarer med alvoret i den kriminelle handlinga, og for drap, grov vald, valdtekt, overgrep, menneskehandel, terror og alvorleg narkotikakriminalitet skal straffa vere særskilt skjerpa
- at det framleis skal vere særleg straffeskjerpande at den fornærma er forsvarslaus eller eit barn
- redusere soningskøane og auke talet på soningsoverføringar av utanlandske domfelte
- etablere alternative soningsløp for utanlandske innsette som ikkje skal tilbakeførast til det norske samfunnet
- auke bruken av omvend valdsalarm, som skal hindre at dei som har besøksforbod, oppsøker den fornærma
- førebyggje radikaliserings under soning
- auke bruken av alternative soningsformer som elektronisk fotlenkje for mindre alvorlege lovbrøt
- i samarbeid med Nav og frivillige organisasjonar sikre aktivitetstilbod, utdanning, eventuell rusavvenning og ettervern etter ein individuell plan når soninga er gjennomført



NOREGS ROLLE I VERDA

Høgre vil sikre norske interesser og bidra til utvida internasjonalt samarbeid knytt til grenseoverskridande utfordringar.

Utanrikspolitikkk handlar ikkje lenger berre om det som skjer ute i verda, det påverkar også kvardagen vår. Norsk utanrikspolitikkk skal sikre norske interesser og verdiar. Som eit lite land med ein open økonomi er vi tente med eit tett internasjonalt samarbeid, ein internasjonal rettsorden og gode rammer for internasjonal handel.

Miljøutfordringar, krig, menneske på flukt, fattigdom og manglande utvikling er problem som i siste instans ikkje kan løysast av den enkelte nasjonalstaten aleine. Noreg skal vere ein pådrivar for internasjonale avtalar som gjer friare handel og inkluderer fleire land i den globale økonomien og den økonomiske veksten. Sentralt står arbeidet med å styrkje WTO som forhandlingsforum. Samtidig blir nye regionale handelsavtalar utvikla. Det er også viktig for Noreg ikkje å bli ståande utanfor når nye regionale handelsavtalar skal forhandlast fram og setjast i kraft.

Tilgang til EUs indre marknad er ein viktig føresetnad for å sikre velferda i det norske samfunnet. EU er og vil framleis vere den viktigaste handelspartnaren for Noreg. Samtidig blir den norske samfunnsutviklinga i stor grad påverka av vedtak som er fatta i EU. I denne politiske avgjerdsprosessen er ikkje norske veljarar representerte. Det er eit demokratisk problem. Høgre ønskjer å erstatte EØS-avtalen med full deltaking i EU. Dersom det blir aktuelt, må det haldast folkerøysting om norsk EU-medlemskap. Høgre vil prioritere ein aktiv europapolitikk.

Eit stort utviklingsengasjement gjer Noreg ei tydeleg rolle og stemme i det internasjonale samfunnet. Målet med norsk bistand er å vere med og kjempe mot fattigdom og hjelpe nasjonar og innbyggjarane deira til å greie seg sjølve. Høgre har som mål å utvikle vidare eit moderne forsvar med tilstrekkeleg kapasitet til å oppretthalde tryggleiken i Noreg og bidra i allierte operasjonar. I ei globalisert verd aukar den gjensidige avhengigheita.

På stadig fleire område blir den innanrikspolitiske utviklinga vår påverka av endringar i andre land. Også av innanrikspolitiske årsaker blir difor behovet for å føre ein aktiv utanrikspolitikk i tett samarbeid med våre allierte større. Høgre vil fremme demokrati og menneskerettar og sikre rettsstaten og ytringsfridommen gjennom utviklings- og utanrikspolitikken vår. Noreg vil arbeide aktivt for å styrkje ein internasjonal rettsorden og eit forpliktande internasjonalt samarbeid.

HØGRE VIL:

- føre ein utanrikspolitikk som tek vare på norske interesser
- vere ein garantist for EØS-avtalen og oppretthalde eit tett samarbeid med EU gjennom ein aktiv europapolitikk
- sikre EØS-midlar til forskning, klimatiltak, grøn økonomi, arbeid for menneskerettar og migrasjonstiltak
- vere ein pådrivar for fri handel og inngåing av nye og betre handelsavtalar. For å støtte norsk eksport og for å ta vare på norske bedrifter og arbeidsplassar bør Noreg vurdere å slutte seg til ein eventuell handelsavtale mellom USA og EU
- styrkje eit forpliktande samarbeid for å løyse dei grenseoverskridande utfordringane vi står overfor
- arbeide for universell oppslutning om den internasjonale straffedomstolen
- arbeide for eit sterkare internasjonalt samarbeid mot spreiding av atomvåpen og andre masseødeleggingsvåpen og støtte utviklinga av nye humanitærrettslege instrument for å styrkje eksisterande nedrustingsavtalar
- leggje til rette for ei verd som er fri for atomvåpen, i tråd med NATOs strategiske konsept
- at Noreg framleis skal delta i og vere ein pådrivar for det internasjonale arbeidet mot aggressiv skatteplanlegging og utholing av skattegrunnlag gjennom overskotsflytting i multinasjonale selskap
- opne for dobbelt statsborgarskap i Noreg

UTVIKLING GJENNOM IDEALISME OG REALISME

Høgre vil at utviklings- og bistandspolitikken skal utløyse utvikling og vekst og bidra til at landa som får bistand, mobiliserer sine egne ressursar.

Ein open økonomi og utstrekt internasjonal handel er ei drivkraft for økonomisk vekst, som gjer arbeidsplassar, betre fordeling, innovasjon og velferd. I løpet av dei siste 20 åra er rundt éin milliard menneske løfta ut av ekstrem fattigdom. Det har hovudsakleg skjedd gjennom økonomisk vekst og deregulering i det tidlegare Aust-Europa, Kina og India. Fellesnemnaren er ein meir open økonomi og utstrekt internasjonal handel. Hjelp til utvikling i andre delar av verda handlar om ansvar for å hjelpe medmenneske, men det er også i norsk interesse å sikre utvikling og menneskerettar, både av tryggingsspolitiske omsyn og for å førebyggje ustabilitet som igjen kan påverke oss.

Høgre vil fortsetje arbeidet med å effektivisere og målrette norsk bistand for å få betre resultat. Norsk innsats må konsentrerast om færre land og tema enn i dag. Høgre vil difor at norsk bistand hovudsakleg skal rettast inn mot å byggje opp eit velfungerande rettssystem og eit godt styresett og å kjempe mot korrupsjon og for kravet om demokratireformer i mottakarlanda.

Utviklingspolitikken skal støtte opp om prosessar som skaper varige endringar og gjer landa betre i stand til å tiltrekke seg investeringar som skaper utvikling og inkluderande, berekraftig vekst. Vi skal gje humanitær bistand til dei mest sårbare og til dei som er ramma av krig, konflikt og katastrofar. Å utrydde fattigdom krev eit breitt sett av nasjonale og internasjonale tiltak retta mot både enkeltpersonar og nasjonar. Høgre vil fortsetje å prioritere støtte til utdanning.

HØGRE VIL:

- føre vidare eit høgt nivå på den norske bistanden
- fortsetje arbeidet med å konsentrere bistanden tematisk og geografisk for å sikre god forvaltning og god effekt
- føre vidare prioriteringa av utdanning, særleg for jenter

- arbeide for å auke handelen mellom Noreg og verdas fattige land
- redusere barnedødelegheita og betre oppvekstgrunnlaget for barn ved å støtte helse- og ernæringsiltak som er særleg retta mot kvinner
- arbeide for at norsk bistand bidreg til ressursmobilisering i mottakarlanda
- bidra til å auke norske investeringar gjennom offentleg–privat samarbeid og gjennom å utvikle bilaterale og multilaterale avtaleverk som sikrar best moglege rettslege rammer for investeringane
- arbeide for å redusere tollbarrierar overfor utviklingsland
- støtte arbeidet til frivillige organisasjonar ved akutte humanitære katastrofar
- fortsetje den kritiske gjennomgangen av norske utviklingsmidlar for å sikre best moglege resultat
- styrkje kontroll- og oppfølgingssystem som sikrar at bistandsmidlane blir forvalta av mottakarlanda etter intensjonen, og at denne informasjonen er open og offentleg tilgjengeleg
- innrette ein større del av innsatsen mot sårbare statar for å hindre krig, konflikt og ustabilitet
- styrkje Norfund og stimulere til fleire private investeringar i utviklingsland
- Styrke Norfund og stimulere til flere private investeringer i utviklingsland



De universelle menneskerettighetene skal gjelde for alle, uansett kjønn, religion, etnisitet, nasjonalitet, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.

MENNESKERETTANE

Høgre vil bidra til å hindre brot på dei universelle menneskerettane globalt.

Dei universelle menneskerettane skal gjelde for alle, uansett kjønn, religion, etnisitet, nasjonalitet, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. Noreg skal vere ein pådrivar i å fremme rettar knytte til likestilling og likeverd. Høgre vil støtte tiltak som kan sikre enkeltindivid betre helse, seksuelle og reproduktive rettar, reint vatn og tilgang til energi.

Menneskerettane er i aukande grad under press internasjonalt. Det er bekymringsfullt at rettsstaten står svakt i mange land. Handlingsrommet for det sivile samfunnet og for menneskerettsforkjemparane er svekt mange stader. I tillegg ser vi statar som gjer seg skuldige i overgrep mot si eiga befolkning og forfølgjer minoritetar. Utviklinga krev at vi styrkjer innsatsen for å forsvare og fremme menneskerettane.

HØGRE VIL:

- › arbeide for eit effektivt FN der menneskerettane får prioritet på tvers av organisasjonen og ein større del av dei samla ressursane
- › arbeide for at Noreg skal gå i front internasjonalt i kampen for kvinnerettar og likestilling
- › at det skal stillast tydelege krav til mottakarar av norsk bistand om vilje til å fremme menneskerettar, demokrati og rettsstatsutvikling
- › fremme det internasjonale arbeidet for å sikre like rettar og likebehandling for LHBTIQ-personar
- › vere pådrivar internasjonalt i kampen mot barneekteskap og tilby bistand til utvikling av juridisk rettsvern mot tvangsekteskap og opplysningsarbeid for å få foreldre til å slutte med den fridomsrøvande praksisen
- › arbeide for å nå FNs berekraftsmål og utarbeide ein plan for korleis Noreg kan nå desse måla
- › trappe opp arbeidet internasjonalt for å sikre seksuelle og reproduktive rettar og arbeide for familieplanlegging

INNOVASJON I NORDOMRÅDA

Høgre vil utvikle nordområda som vårt viktigaste utanrikspolitiske interesseområde og skape innovasjon og berekraftige arbeidsplassar i nord.

Nordområda er Noregs viktigaste utanrikspolitiske interesseområde. Dei tre nordlegaste fylka har rike naturressursar og må utviklast til å bli ein av våre mest nyskapande regionar. Nordområda skal pregast av stabilitet, innovasjon og jobbskaping.

Nordområdepolitikken handlar om ein god og heilskapleg regionalpolitikk. Nord-Noreg og Svalbard må ha lokalsamfunn, byar, aktørar og strukturar som er med og påverkar aktiviteten knytt til dei nasjonale ressursane som ligg i nordområda. For å utnytte desse ressursane er det viktig å ha attraktive byar og lokalsamfunn.

Høgre vil føre ein nordområdepolitikk der målet er å skape verdier og arbeidsplassar på grunnlag av dei rike naturressursane i nord. Fiskeri, havbruk, mineralnæring, turisme og olje- og gassindustri er eksempel på næringar som gjer ei industriell utvikling av nordområda. Industriell næringsverksemd er i stor grad med på å tryggje nordområda og arbeidsplassane i nord. Innovasjon og utvikling skal skje på ein miljømessig, sosial og økonomisk berekraftig måte. Målet er å sikre nasjonal verdiskaping og oppretthalde norsk suverenitet.

Internasjonalt samarbeid, folk-til-folk-samarbeid, eit regionalt perspektiv og det å ta vare på rettane til urfolket betyr mykje for utviklinga av nordområda. Internasjonale verneinitiativ må ikkje få hindre oss i å halde fram med ei berekraftig utnytting av ressursane i nordområda og Arktis.



© Torbjørn Kjesvold/Forsvaret

HØGRE VIL:

- at Noreg skal vere den fremste arktiske nasjonen når det gjeld innovasjon og forvaltning av ressursane både på land og i havet
- styrkje utviklinga av attraktive byar og lokalsamfunn i nordområda for å sikre tilgang på kompetent arbeidskraft og styrkje konkurransekrafta i regionen
- utarbeide ein samla nasjonal strategi for oppbygging av strukturar og innsats i nordområda for å skape nasjonal vekst, utvikling og arbeidsplassar i nord
- at Noreg skal ta ei leiande rolle i å fremme den blågrøne økonomien og forvaltninga av ressursane i havet på ein berekraftig måte
- at norsk busetnad og aktivitet som omfattar næring, kunnskap, forvaltning og kultur, skal danne grunnlaget for vidare utvikling på Svalbard. Vi har som mål at det skal vere ein diversifisert næringsstruktur og aktivitet på Svalbard
- at nordområda skal vere ein fredeleg og stabil region, noko som skal sikrast gjennom internasjonalt samarbeid og gjennom sivilt og militært nærvær og aktivitet
- at Noreg framleis skal ha ei leiarrolle innan forskning, kamp mot, oppsamling av og handtering av marint avfall

STRENG ASYLPOLITIKK, GOD INTEGRERING

Høgre har som mål ein streng, rettferdig og føreseieleg asylpolitikk, i tråd med internasjonale konvensjonar og i samarbeid med andre land.

Europa opplever ei historisk stor tilstrøyming av flyktningar og migrantar. Migrasjonen er internasjonal og kan berre handterast gjennom eit omfattande samarbeid mellom mange land. Høgre ønskjer å styrkje det internasjonale samarbeidet for å sikre den felles europeiske yttergrensa, sørge for ei rettferdig fordeling av flyktningar med behov for vern og forhindre at sårbare grupper legg ut på flukt.

Noreg har plikt til å hjelpe menneske i nød og til å gje vern mot forfølgning. Asylinstituttet er eit svært viktig verktøy for å gje vern til menneske som er reelt trua. For å forhindre misbruk må vi ha ein streng, men rettferdig praksis. Det inneber å ha ei konsekvent linje som gjer at færre grunnlause asylsøkjjarar kjem til landet, og at dei som søker asyl, får søknadene sine behandla raskt. Det må bli vanskelegare å trenere heimsending etter avslag.

HØGRE VIL:

- › ha ein streng, rettferdig og føreseieleg flyktning- og asylpolitikk som reduserer talet på grunnlause asylsøknader til Noreg
- › overhalde dei internasjonale konvensjonane som Noreg er forplikta av for mottak av asylsøkjjarar
- › bruke norsk bistand og nødhjelp for å avhjelpe situasjonen i heimlandet og nærområda til flyktningane og asylsøkjjarane
- › leggje til rette for at høgkvalifisert arbeidskraft, også frå land utanfor EØS-området, kan tilsetjast i Noreg
- › at Noreg skal gje flyktningstatus til personar som oppfyller krava i FN's flyktningkonvensjon, og gje andre asylsøkjjarar med rett til opphald subsidiært vern

- › styrkje samarbeidet med andre europeiske land for å forhindre inhumane fluktruter og irregulær migrasjon og kjempe mot menneskesmugling
- › støtte ei berekraftig fordeling av asylsøkjjarar til Europa gjennom Dublin-avtalen
- › sørge for rask retur til heimlandet av grunnlause asylsøkjjarar og personar som oppheld seg ulovleg i Noreg
- › heve kompetansen på LHBTIQ+ i heile asylkjeda og sørge for trygge opphald på asylmottak
- › stramme inn utlendingslovgevinga slik at det blir mindre attraktivt å sende einslege mindreårige asylsøkjjarar utan behov for vern til Noreg
- › stramme inn regelverket for familiesameining
- › tilpasse behandlingsskapiteten i UDI og politiet i takt med talet på dei som kjem, for å sikre kortast mogleg ventetid
- › sikre effektive metodar for alders- og identitetsavklaring og sørge for effektiv handheving av kravet i utlendingslova om at asylsøkjjarar skal bidra til å avklare identiteten sin
- › reagere mot land som nektar å ta imot sine egne borgarar, gjennom å revurdere bistanden vår til desse landa
- › vurdere å innføre foreldingsfrist i saker om statsborgarskap
- › styrkje arbeidet for å hindre at barn forsvinn frå mottak

SIKRE OG SKAPE ARBEIDS- PLASSAR

I DETTE KAPITTELET:

Trygg økonomisk styring	45
Arbeidsplassar, eigarskap og entreprenørskap	47
Industri og næringsliv for fremtida	50
Havnasjonen Noreg	51
Grøn vekst innan bio- og sirkulærøkonomi	53
Kraftnasjonen Noreg	56
Olje- og gassnæringa i framtida	58
Industri, mineraler og bergverk	59
Digitalisering og delingsøkonomi	61
Helsenæringa som framtidig verdiskapar	62
Nye muligheter innen bioteknologi	63
Levande landbruk	64
Styrkje Noreg som reisemål	65
Fjell og kyst	68

SIKRE OG SKAPE ARBEIDSPlassAR

Det viktigaste målet for den økonomiske politikken til Høgre er å sikre og skape fleire lønsame jobbar i privat sektor for å sikre vår felles velferd.

Vår felles arbeidsinnsats er grunnlaget for både privat og offentlig velferd. Å ha ein jobb sikrar inntekt og velferd for den enkelte, familien og samfunnet. Å skape fleire nye jobbar er difor det viktigaste målet for den økonomiske politikken.

Det skal lønne seg å jobbe. Verdier må skapast før dei kan brukast. Veksten i økonomien må difor vere sterk i privat sektor. Dei som satsar og skaper arbeidsplassar for seg sjølve og andre gjennom kreativitet og innsatsvilje, må oppmuntrast, og dei må få hauste resultatene av arbeidet sitt. Det å ha ein jobb å gå til er den sikraste vegen for å unngå fattigdom. Difor vil Høgre jobbe for at dei som kan delta i arbeidslivet, skal få høve til det. Vi må erstatte tapte arbeidsplassar i privat sektor med nye, lønsame arbeidsplassar i privat sektor.

Frie marknader er viktig for å sikre maktspreiing i samfunnet og bidreg til innovasjon i både offentlig og privat sektor. Klare reglar mot misbruk av marknads- og myndighetsmakt er ein føresetnad for ein velfungerande marknadsøkonomi. Staten har ein dominerande eigarposisjon i norsk næringsliv, og Høgre ønskjer å sikre ein sterkare og meir spreidd privat eigarskap enn i dag. Høgre vil redusere veksten i offentlege utgifter og føre ein skattepolitikk som stimulerer til investering, privat innsats og privat eigarskap.

Høgre vil leggje til rette for eit variert næringsliv som gjer Noreg fleire bein å stå på og fleire arbeidsplassar. Vi vil føre ein industri- og næringspolitikk som utnyttar dei naturgitte føresetnadene og det sterke teknologi- og kompetansemiljøet vi har. Politikken skal bidra til innovasjon, større verdiskaping og nye, lønsame arbeidsplassar. Høgre vil redusere byråkratiet og forenkle og fjerne regelverk for å leggje til rette for større verdiskaping.

Noreg skal omstillast til eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Det kan leggje grunnlaget for nye, grøne arbeidsplassar og styrkje konkurransevna vår. Gjennom offentlege innkjøp, grøne skattar, avgifter, reguleringar og verkemiddel som fremmar teknologisk utvikling, vil Høgre utløyse grøn vekst og skape ein større marknad for miljøvennlege produkt og tenester.



TRYGG ØKONOMISK STYRING

Høgre vil føre ein ansvarleg økonomisk politikk som sikrar god konkurransekraft, høg sysselsetjing og berekraftig vekst.

Høgre vil føre ein skattepolitikk som gjer eit breiast mogleg skattegrunnlag. Alle med skatteevne skal betale skatt. Skatteinntektene er avgjerande for å finansiere vår felles velferd. Skatte- og avgiftssystemet må leggjast til rette for vekst og verdiskaping. Ei effektiv og velfungerande offentlig forvaltning og god infrastruktur er viktig for samfunnet og norsk økonomi og eit konkurransefortrinn for norsk næringsliv.

Høgre vil ha ei betre rolledeling mellom offentlig og privat sektor, der det offentlege i større grad veit å spele på og dra nytte av innovasjonsevna i privat sektor. Høgre vil forvalte Statens pensjonsfond utland i eit generasjonsperspektiv. Det inneber å sjå uttaka frå fondet i samheng med forventa avkastning over tid og gradvis fase dei inn i norsk økonomi, og at uttak må brukast til å investere for framtida.

HØGRE VIL:

- › føre ein ansvarleg politikk som gjer økonomisk handlingsrom for framtidige generasjonar
- › forbetre konkurransekrafta, redusere veksten i offentleg sektor og leggje til rette for nye, lønsame arbeidsplassar i privat sektor
- › ikkje la utgiftene til staten over tid vekse raskare enn resten av fastlandsøkonomien
- › effektivisere offentleg sektor og la private aktørar bidra meir der det kan gje meirverdi for samfunnet
- › ha moderate lettar i det samla skatte- og avgiftsnivået og sikre eit breitt skattegrunnlag der alle med skatteevne bidreg
- › at skattesystemet skal leggje til rette for verdiskaping, nye jobbar, sosial mobilitet og eit meir miljøvennleg samfunn
- › at uttak frå Statens pensjonsfond utland på sikt skal vere tilpassa situasjonen i norsk økonomi, berekrafta til fondet og finansieringa av offentlege velferdstenester
- ›



ARBEIDSPlassar, EIGARSKAP OG ENTREPRENØRSKAP

Høgre fører ein politikk for å skape fleire nye og lønsame arbeidsplassar i privat sektor. Målet vårt er at alle som kan jobbe, skal få høve til å jobbe.

Utdanning, forskning og innovasjon er viktig for å bidra til trygge arbeidsplassar, omstilling og aktivitet. Utdanningssystemet må gjere det mogleg for alle å realisere ambisjonane sine og bidra til god og relevant kompetanse for samfunnet. Høgre vil satse på forskning og på gode rammevilkår for gründerar og innovatørar. Eit godt skattesystem stimulerer til arbeid og innsats. Det skal lønne seg å jobbe. Høgre vil ha eit lågare skatte- og avgiftsnivå for familiar og enkeltpersonar.

Små og mellomstore bedrifter står for ein stor del av norsk sysselsetjing og verdiskaping. Lokale eigarar gjer stabile arbeidsplassar og maktspreiing i samfunnet. Sterke og mangfaldige private eigarskapsmiljø er viktig for å utvikle lønsame og berekraftige bedrifter og næringsklyngjer. Høgre meiner at lokal norsk eigarskap av lokale norske arbeidsplassar sikrar arbeidsplassane. Det er difor viktig å jobbe for betre og føreseielege rammevilkår for norske eigarar. Høgre meiner det skal vere enkelt å starte opp og drive bedrifter, og vil bidra til det gjennom å stimulere tilgangen på kvalifisert kapital og kompetanse og gjennom offentlege verkemiddel og reguleringar som bidreg til vekst, skape verdiar og konkurransedyktige bedrifter.

HØGRE VIL:

- › gjennomføre skattereforma med lågare skatt for bedrifter og personar for å sikre omstilling, vekst og fleire arbeidsplassar
Høgre ønskjer å leggje til rette for at alle familiar skal kunne skape trygge rammer rundt livet sitt. Stabile og omsorgsfulle familiar gjer trygge barn som veks opp til å bli sjølvstendige vaksne. Politikken må leggje til rette for eit godt familieliv. Høgre meiner at dei to foreldra er likeverdige omsorgspersonar for barnet; dei må difor likestillast som omsorgspersonar i lovverket.

HØGRE VIL:

- behalde barnetrygda og vurdere andre målretta tiltak for å støtte barnefamiliar med svak økonomi
- auke eingongsstønad til unge foreldre som ikkje har opparbeidd seg rettar i arbeidslivet
- at eingongsstønad blir utbetalt over ein lengre tidsperiode

- › forbetre støtteordningane til studentar med barn
- › at foreldre skal ha sjølvstendig oppteningsrett til foreldrepermisjon
- › fjerne kravet om at fedrar må gje grunngje skriftleg kvifor dei skal ta ut permisjon av felleskvoten
- › betre fødselspermisjonsordningane for foreldre med fleirlingar
- › gjere det enklare å ta ut permisjonen slik det passar den enkelte familien, for eksempel ved å gjere det lettare for foreldra å få gradert permisjonsuttak og høve til å ta ut permisjonsdagar saman som ein del av fellesperioden
- › innføre delvise partsrettar for fosterforeldre
- › innføre pensjonspoeng for alle fosterforeldre som må ta yrkespermisjon for å følge opp fosterbarnet
- › arbeide for adopsjonsavtalar med fleire land og leggje betre til rette for adopsjon i Noreg
- › arbeide for å forenkle adopsjonar både innanlands og utanlands
- › sørge for at tilbodet om mekling ved samlivsbrot blir betre tilpassa utfordringane til den enkelte familien
- › betre startlånsordninga for barnefamiliar med låg inntekt
- › behalde ei kontantstøtte, men vurdere dagens innretning
- › at dagens fordeling av permisjonstida blir ført vidare



DET BESTE FOR BARNET

Høgre vil at alle barn skal ha ein god barndom

Alle barn skal ha ein trygg og god oppvekst. Først og fremst er det foreldra sitt ansvar, men gode oppvekstvilkår er ikkje avgrensa til foreldre og familie. Alle som er involverte i livet til barnet – gjennom familien, nabolaget, frivillig arbeid, barnehagen eller skulen – har eit ansvar for å sjå, lytte til og ta vare på barnet på ein god måte. Alle har eit ansvar dersom dei trur at eit barn treng hjelp eller er utsett for vald eller manglande omsorg.

Barn er individ med sjølvstendige rettार. Barns rett til tryggleik skal alltid prioriterast. Barn har rett til å bli høyrde. Høgre meiner at barnevernet og andre instansar som jobbar med barn, i større grad må involvere barnet i viktige avgjerder som angår livet deira. Høgre meiner at barnevernet bør jobbe førebyggjande med familien der det er mogleg, og at det beste for barnet skal tilleggast avgjerande vekt i konfliktsituasjonar. Høgre ønskjer eit barnevern med høg kvalitet og faglegheit. Alle etatar som jobbar med barnefamiliar, må koordinere innsatsen og samarbeide.

HØGRE VIL:

- styrkje prinsippet om at det beste for barnet alltid skal leggjast til grunn
- at barns rett til samtalar, deltaking og involvering blir styrkt innanfor familievernnet ved terapi eller samlivsbrot
- at behova til barnet blir kartlagde ved vedtak om institusjonsplassering for å sikre eit korrekt tilbod, og at det blir lagt vekt på faglege råd og medverknad frå barnet
- gjennomføre eit kvalitets- og kompetanseløft i det kommunale barnevernet
- sikre betre oppfølging av sårbare barn og gje barn og familiar tidleg hjelp og meir likeverdig behandling
- at familievernnet skal ha kompetanse på LHBTIQ+-barn, slik at foreldre som ønskjer det, kan få rettleiing, og at LHBTIQ+-barn får hjelp når omsorgspersonar sviktar
- lovfeste retten til ettervern for barnevernsbarn
- sikre koordinering av ressursane som blir sette inn i barnehusa
- sikre full likebehandling av private, ideelle og statlege aktørar i barnevernet
- utvikle tiltak mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta for å sikre at barn med spesielle behov får eit meir heilskapleg tilbod
- utvikle vidare modellar med fleire tiltak på tvers av hjelpeapparatet for å gje betre oppfølging og støtte til familiar med låg inntekt, for eksempel gjennom hjelp til bustad, økonomi og tilbod om barnehage, SFO og fritidsaktivitetar for barna

MANGFALD OG LIKESTILLING

Høgre vil bidra til større likestilling i samfunnet og leggje til rette for at alle skal kunne kombinere jobb og familie.

Høgre vil styrkje likestillinga i samfunnet og leggje til rette for at alle skal kunne kombinere familieliv og arbeidsliv. Kjønnsdelte utdanningsval bidreg til å oppretthalde ein kjønnsdelt arbeidsmarknad. Høgre vil forsterke innsatsen for betre kjønnsbalanse i utdanningsval for ungdom for å bidra til eit likestilt arbeidsliv. Høgre jobbar for likeverd og like moglegheiter for alle, uavhengig av kjønn, bakgrunn, kven ein er tiltrekt av, eller kva kjønnsidentitet ein har.

HØGRE VIL:

- at målet om likestilling og likeverd mellom kjønna skal speglast i barnehagane og resten av utdanningsløpet
- at skolane skal leggje opp til fleire besøk av rollemodellar som kan bidra til å auke kunnskapsnivået blant elevane om dei ulike utdannings- og yrkesvala
- støtte haldningsprosjekt for å få større mangfald i utdanninga
- at større verksemdar skal påleggjast å omtale lønnsstatistikk for kvinnelege og mannlege tilsette i årsrapporten
- halde fram med å motarbeide rasisme, religiøs diskriminering, antisemittisme, sosial kontroll og fordommar baserte på kjønn, seksuell identitet og etnisitet
- forsterke arbeidet for likestilling i minoritetsmiljø
- at kompetanse om LHBTIQ skal inn i rammeplanen til alle relevante utdanningsløp
- styrkje forskinga på sjukdommar som rammar kvinner spesielt
- behalde ei felles ekteskapslov

- › fjerne skattekasse 2 for å styrkje incentiva til å jobbe og for å bidra til større likestilling i samfunnet
- › ha like vilkår for alle i monogame forhold for å gje blod, også homofile menn
- › greie ut korleis det å vere transkjønna kan fjernast som diagnose

KUNNSKAP GJER ALLE EIN SJANSE

Høgre vil prioritere eit løft for tidleg innsats i skule og barnehage og auke forskingsinnsatsen for å sikre framtidig velferd.

Kunnskap gjer sjølvstende for den enkelte og velferd for samfunnet. Barnehage og skule er svært viktige arenaer for å kjempe mot sosial ulikskap og utanfor-skap. Kunnskap gjer alle ein sjanse. Kunnskap er ein føresetnad for å styrkje den internasjonale konkurransekrafta vår, og er den viktigaste kjelda til auka produktivitet. Kunnskap er ein føresetnad for å avskaffe fattigdom og ei investering i stabilitet, demokrati og utvikling. Difor er det å satse på kunnskap ei investering i framtida.

Kunnskapspolitikken vår vil leggje til rette for læring i alle ledd av utdanningsløpet, frå barnehagen, gjennom grunnskulen og den vidaregåande skulen og over i høgare utdanning. Høgre vil også stimulere til livslang læring gjennom ulike former for etter- og vidareutdanning. For å styrkje konkurransekrafta og innovasjonsevna vår må vi utvikle høgare utdannings- og forskingsmiljø av høg kvalitet. For å utvikle samfunnet og sikre velferd i framtida vil Høgre satse målretta på utdanning og forskning.

DEI FØRSTE ÅRA

Høgre vil at barn i barnehagen skal leike, lære og vere trygge, og vil prioritere fleire vaksne og høgare kvalitet.

Barnehagen er ein unik arena for utvikling, sosialisering, inkludering og integrering av små barn. Barnehagen er ein del av utdanningsløpet, men skal ikkje vere skule. Ein god barnehage er trygg, gjer stort rom for leik og moro, og stimulerer sosiale ferdigheiter, nysgjerrigheit og læring. Den frie leiken er viktig for små barn. For Høgre er det inga motsetning mellom leik og læring. Dei første leveåra er avgjerande for å tileigne seg språk og talforståing. Difor vil Høgre at alle barnehagar skal ha ein bevisst strategi for å sørge for læring på barns premissar i barnehagen.

Høgre held fast ved at barnehagen må vere eit frivillig tilbod. Samtidig er det ønskeleg i større grad å nå barn frå enkelte utsette grupper, mellom anna for å fremme integrering. Tilbodet skal ikkje vere avhengig av økonomien til foreldra. Det viktigaste i barnehagen er innhaldet og kvaliteten på tilbodet. Barnehagane må ha tilstrekkeleg med barnehagelærarar, fagarbeidarar og andre tilsette. Dei tilsette må få tilbod om fagleg utvikling og påfyll. Samtidig vil Høgre ha klare krav til eit godt pedagogisk arbeid og særleg leggje vekt på språkutviklinga til barna. Det er ein føresetnad for god læring at alle som jobbar i barnehagen, snakkar norsk. Ein god overgang mellom barnehage og skule og mellom dei ulike trinna i skuleløpet bidreg til ein betre skulegang for elevane.

HØGRE VIL:

- › ha fleire vaksenpersonar i barnehagen og sikre ei ansvarleg bemanningsnorm
- › tilsetje fleire barnehagelærarar og pedagogar og ha som mål 50 prosent med pedagogisk utdanning
- › styrkje det tverrfaglege gjennom å rekruttere resten av personellet med anna relevant utdanning
- › at alle barn skal kunne norsk før dei begynner på skulen, og at barnehagane skal ha klare mål for språkarbeidet



- › at alle tilsette i barnehagane skal beherske norsk
- › styrkje prinsippet om læring gjennom leik i barnehagane
- › sikre at barn som treng ekstra oppfølging, får det
- › etablere sentrale kvalitetsindikatorar for oppfølging av barnehagane og utvide nettportalen barnehagefakta.no til å inkludere kvalitetskjenne-teikn og nøkkeltal ved barnehagane
- › tilby frivillig sommarskule før skulestart
- › leggje til rette for at kommunane kan tilby eit meir fleksibelt barnehageopptak gjennom året
- › sørgje for betre kontakt mellom foreldre, barnehage og skule i overgangen frå barnehage til skule
- › utvikle tettare samarbeid mellom barnehagane og institusjonane som utdannar barnehagelærarar
- › sikre god kvalitet ved å fortsetje å styrkje satsinga på kompetanse og fagleg påfyll for barnehagelærarar og tilsette i barnehagane gjennom å bidra til høg kvalitet på utdanningstilboda i barnehagesektoren
- › framleis likebehandle private og offentlege barnehagar økonomisk

EIN INKLUDERANDE KUNNSKAPSSKULE

Høgre vil gje barna våre trygge rammer og nødvendige ferdigheiter til å realisere evnene, draumane og ambisjonane sine.

Høgre har høge ambisjonar for kvar enkelt elev. Svært mykje er bra i norsk skule, men vi har framleis store utfordringar. For mange elevar, særleg gutar, blir hengande etter tidleg i skuleløpet, og altfor mange fell ut av den vidaregåande skulen. Det er for store kvalitetsforskjellar mellom både skolar og kommunar. Målet vårt er at elevane skal lære meir på skulen.

Høgre vil ta i bruk fleire digitale læremiddel i undervisninga. Det kan bidra til meir tilpassa undervisning, mindre skulebyråkrati og ein enklare kvardag for lærarar og skuleleiarar. Digitale læremiddel kan også bidra til at vi kan tilby smale fag på landsbasis og som hjelpemiddel for langtidssjuke elevar.

Mange elevar går ut av grunnskulen utan å ha med seg dei grunnleggjande ferdigheitene dei treng for å klare seg, altfor få fullfører vidaregåande opplæring, og altfor mange endar opp utanfor arbeidslivet. Høgre vil byggje vidare på Kunnskapsløftet. Dei grunnleggjande ferdigheitene skal framleis styrkjast, og fagleg fordjuping må vektleggjast meir i nye læreplanar. Høgre vil styrkje posisjonen til dei praktisk-estetiske faga i skulen. Høgre vil hegne om det breie dannelsingsopdraget skulen har.

HØGRE VIL:

- › satse sterkare på tidleg innsats frå 1. til 4. klasse og prioritere at alle elevar skal ha lært å lese, skrive og rekne
- › innføre ei plikt for skolane til å gje ekstra oppfølging til elevar som strever med lesing, skriving og rekning
- › ha betre tilpassa undervisning både for elevar som treng ekstra hjelp, og for elevar som treng ekstra utfordringar
- › reformere spesialundervisninga og sikre at innsatsen blir sett inn tidleg i utdanningsløpet



- › sikre at ressursane til spesialundervisning kjem dei elevane som treng det, til gode
- › setje i gang forskning for å analysere kvifor mange gutar slit med å finne seg til rette i norsk skule
- › at elevar som manglar grunnlag for karakter eller får karakteren 1 i fag ved utgangen av ungdomsskulen, skal få tilbod om førebuande kurs eller høve til å ta fag opp igjen før dei begynner på vidaregåande skule
- › følgje opp forenklinga av læreplanane, slik at dei blir meir oversiktlege og gjer rom for større fagleg fordjuping
- › forsterke innsatsen mot mobbing og trakassering
- › leggje betre til rette for evnerike barn i skulen
- › utvikle tydelegare læringskrav og sikre betre opplæring i privatøkonomi i skulen

- › ha meir fysisk aktivitet i skulen og bidra til å spreie gode eksempel frå skolar og kommunar
- › ha ei skulefritidsordning med god kvalitet som legg vekt på leik, kultur- og fritidsaktivitetar og læringsstøttande aktivitetar som leksehjelp
- › styrkje den tverrfaglege satsinga på fleire helsesøstrer og andre yrkesgrupper i skulen og i SFO
- › innføre skriftleg eksamen i norsk, matematikk og engelsk for alle elevar i tiande klasse
- › redusere talet på karakterar i norskfaget frå tre til to, éin for munnleg og éin for skriftleg norsk
- › integrere kunnskap om og ferdigheiter i informasjonsteknologi og digital utvikling betre i faga i skulen
- › styrkje dei digitale ferdigheitene til elevane ved å la alle skolar tilby koding og programmering som valfag
- › ta i bruk fleire digitale læremiddel for å styrkje dei digitale ferdigheitene til elevane, gjere undervisninga meir variert og følgje opp den enkelte eleven betre. Ein føresetnad for god digital undervisning er at lærarane har tilstrekkeleg digital kompetanse
- › innføre eit meir praktisk retta handverksfag i grunnskulen som alle elevar skal kunne velje
- › styrkje dei praktisk-estetiske faga mellom anna gjennom å stille krav til at lærarar har fordjuping i faga
- › prioritere fleire fagtimar med faglærar framfor heildagsskule
- › heve kompetansen blant dagens rådgjevarar gjennom etter- og vidareutdanning for å setje rådgjevingstenesta betre i stand til å hjelpe ungdom til å ta gode utdannings- og yrkesval

VIDAREGÅANDE OPPLÆRING OG YRKESFAG

Høgre vil ha meir læring i skulen, redusere fråfallet og halde fram med satsinga på yrkesfaga

Vidaregåande opplæring skal gje elevane grunnlag for studium eller yrkesaktivitet. Det er her grunnlaget for karrierevegen til den enkelte blir lagd. Difor bør alle elevar få eit tilbod som passar til evnene deira, ønska dei har for framtida, og behova i arbeidsmarknaden. Høgre vil sikre særpreget til både studieførebuande og yrkesfaglege studieprogram. Skulen må ha høge forventningar til elevane og førebu dei på vidare studium og arbeidsliv. Noreg treng fleire dyktige fagarbeidarar både i privat og i offentleg sektor. Høgre vil halde fram med løftet for yrkesfaga og auke talet på lærlingplassar.

HØGRE VIL:

- at innan 2030 skal minst ni av ti elevar som begynner i vidaregåande opplæring, fullføre og bestå
- fortsetje den systematiske utprøvinga av tiltak for å få fråfallet ned, mellom anna med tettare oppfølging av elevar som står i fare for å droppe ut av skulen
- at vidaregåande skolar inngår samarbeid med institusjonar innan høgare utdanning for å sikre at elevar som ønskjer det, skal få ta fag på høgare nivå
- leggje til rette for at fleire elevar i vidaregåande skule kan ta eit semester i eit anna land eller i ein annan del av landet
- innføre fritt skuleval i alle fylka
- ha betre samarbeid mellom rådgjevingstenesta i skulen, Nav og karriere-rettleiingssentera for å setje dei i stand til å nå ut til fleire elevar
- seie ja til etablering av eigne vidaregåande skolar som satsar på realfag, språk og økonomi, etter modell av toppidrettsgymnasa
- ha entreprenørskap som valfag i skulen

- leggje til rette for konkurranse om utvikling av digitale læremiddel i skulen, for å få betre kvalitet og fleire tilbydarar
- ta i bruk digitale verktøy, inkludert virtualiserings- og simuleringsteknologi, for å styrkje undervisninga, særleg innan yrkesfag og på fagskolane
- auke bruken av TAF/TIP, som gjer det mogleg for elevar å kombinere yrkesfag og allmenn vidaregåande skule
- flytte skriftleg eksamen for avgangskullet til før 17. mai, utan å redusere det totale talet på undervisningstimar
- vurdere raskare kontinuasjonseksamen for elevar som har stroke til eksamen i vidaregåande opplæring
- behalde ei nasjonal fráværsgrense i den vidaregåande skulen
- framleis kunne etablere og drive offentleg finansierte friskolar, da friskolane er eit viktig supplement og alternativ til den offentlege skulen når det gjeld både grunnskulen og den vidaregåande skulen
- leggje til rette for større erfaringsutveksling mellom offentlege skolar og friskolar
- bruke tekstar på både nynorsk og bokmål gjennom heile skuleløpet
- avvikle ordninga med eigen karakter og eksamen i sidemål på ungdomsskulen og i vidaregåande opplæring
- innføre forsøk der elevar på studieførebuande linjer i den vidaregåande skulen kan velje færre fag dei siste to åra, men med større fordjuping i faga dei vel
- gjere det lettare å byte frå eit studieførebuande til eit yrkesfagleg utdanningsprogram
- la fleire elevar i yrkesfaga få vidaregåande opplæring med mykje praksis og lite teori gjennom å opprette fleire tilbod innanfor praksisbrevordninga

- › sikre elevar og lærlingar rett til å vurdere undervisnings- og læringsmiljøet i skule og lærebedrifter
- › fortsetje å auke lærlingtilskotet og ha som mål at det på sikt skal liggje på same nivå som det ein yrkesfagleg skuleplass kostar
- › auke utstyrsstipendet for dei dyrare yrkesfaglege studieretningane og sørgje for oppdatert og kvalitetssikra utstyr ved dei yrkesfaglege studieretningane
- › starte forsøk i utvalde bransjar med eit lærlingfond etter modell frå Danmark for å få fleire lærlingplassar. Staten og kommunane må gå føre og auke inntaket av lærlingar
- › auke bruken av vekslingsmodellar, slik at fleire elevar får relevant praksis også dei to første åra av yrkesutdanninga, og jobbe for at fylkeskommunane og partane i arbeidslivet skal leggje til rette for fleire lærlingplassar i regionen og for at dei i større grad skal kunne påverke yrkesopplæringa i tråd med behova i arbeidslivet
- › utvikle vidare utdanningsløp (Y-vegen) som gjer gode høve til å utvikle seg og ein betre overgang mellom fagbrev og høgare utdanning
- › at elevar i den vidaregåande skulen med dårleg motivasjon og lærings-meistring kan få tilbod om utplassering i yrkeslivet eller alternativ opplæring i kortare periodar
- › gjennomgå den yrkesfaglege opplæringa og mellom anna vurdere tiltak for fleire lærlingplassar, opptakskrav for å ta påbygging og fleire alternative opplæringsløp à la praksisbrevordninga
- › ha fleire alternative opplæringsarenaer der ungdom som slit med motivasjonen, får jobbe praktisk og variert som ein del av skuledagen



GODE LÆRARAR OG SKULELEIARAR

Høgre vil ha gode lærarar og skuleleiarar som får gode høve til å utvikle seg i skulen.

God leiarskap er avgjerande for læringa til elevane. Læraren er leiaren i klasserommet og ansvarleg for at elevane lærer, medan rektor er ansvarleg for resultatane ved skulen. Høgre vil heve statusen og respekten for lærarprofesjonen i samfunnet. Læraren er ein kunnskapsarbeidar, og kvaliteten på undervisninga er avhengig av motivasjonen og den faglege kompetansen i lærarkollegiet. Høgre vil at dei flinkaste lærarane skal fortsetje å undervise, og at det skal bli mogleg å stige i gradene som lærar og bli spesialist med større prestisje, høgare lønn og høgare status. Den viktigaste innovasjonen i skulen må drivast fram av fagleg sterke lærarar.

HØGRE VIL:

- › halde fram arbeidet med å fjerne unødvendig byråkrati for lærarane i skulen
- › halde fram satsinga på vidareutdanning av lærarar

- › vurdere om lærarprofesjonen sjølv skal ha eit større ansvar for delar av skuleutviklingsmidlane
- › ha som mål at alle lærarar skal ha fordjuping i faga dei underviser i
- › arbeide for strengare opptakskrav til lærarstudia
- › rekruttere fleire yrkesfaglærarar, mellom anna gjennom rekrutteringsstipend
- › nytte stipendordningar for å gje ikkje-kvalifisert utdanningspersonell i skule og yrkesopplæring høve til å ta pedagogikkutdanning og dermed kvalifisere seg til fast tilsetjing
- › styrkje hospiteringsordningane for yrkesfaglærarar
- › fortsetje arbeidet med å etablere nye karrierevegar i skulen, mellom anna ved å føre vidare nye stillingskategoriar som lærarspesialist, for eksempel førstelærar og førstelektor, i høvesvis grunnskulen og den vidaregåande skulen
- › betre samarbeidet mellom skule, høgare utdanning og arbeidsliv, for eksempel gjennom større grad av hospitering for lærarar i arbeidslivet, forskingsnær undervisning og lektor 2-program
- › fullføre og kvalitetssikre femårig masterutdanning for lærarar
- › styrkje satsinga på profesjonsfagleg digital kompetanse i lærarutdanninga og etter- og vidareutdanninga av lærarar
- › gje rektorar rett og plikt til etter- og vidareutdanning
- › fortsetje satsinga på rektorskulen, mellom anna ved å gjere rektorutdanninga til eit permanent utdanningsprogram
- › styrkje kompetansen om evnerike barn i lærarutdanninga
- › jobbe for å få fleire yrkesgrupper inn i skulen for å byggje lag rundt eleven

AKTIVE SKULEEIGARAR FOR Å STYRKJE LÆRINGA TIL ELEVANE

Høgre vil ha aktive og engasjerte skuleeigarar, og meiner at nasjonale myndigheiter må ha klare forventningar til resultat, samtidig som det lokale handlingsrommet må vere stort.

Det er for store forskjellar i kvalitet og resultat mellom skolar og mellom kommunar. Alle skuleeigarar må ha gode system for kvalitetssikring, kvalitetsutvikling og kvalitetskontroll. Formålet med all kartlegging i skulen må vere at den enkelte eleven skal få større læringsutbytte. God leiarskap på den enkelte skulen er ein føresetnad for større læringsutbytte for elevane og betre resultat. Høgre meiner at det tilsynet som blir ført med skolar i dag, i for liten grad legg vekt på læringsutbyttet og kvaliteten på skulen.

HØGRE VIL:

- › innføre ei nasjonal ordning for å rettleie og følgje opp skuleeigarar og skolar med vedvarande svake resultat og at kommunar og fylkeskommunar med svake skuleresultat skal påleggjast å ta imot bistand frå eit nasjonalt rettleiarkorps
- › at skuleeigarar skal kartleggje læringsresultata gjennom heile skuleløpet og sikre full openheit om resultat på skulenivå
- › at skuleeigarar skal ha god informasjonsflyt om elevane ved alle overgangar til ny skule i løpet av utdanningsløpet
- › styrkje kompetanse- og forskingsmiljø om skuleeigarrolla og stimulere til deling av beste praksis
- › at skuleutvikling som staten gjer midlar til, primært skal skje gjennom samarbeid mellom kommunane og dei høgare utdanningsinstitusjonane



LIVSLANG LÆRING

Høgre vil at det skal bli enklare å tileigne seg ny kunnskap og kompetanse medan ein er i jobb.

Norsk arbeidsliv er prega av kontinuerleg omstilling. Ny teknologi, globalisering, migrasjon og ei aldrende befolkning gjer at behovet for omskulering og kompetanseheving kjem til å auke.

Noreg må aktivt utnytte ny teknologi til å styrkje konkurransekrafta i næringslivet og verdiskapinga i offentleg sektor og til å handtere dei store samfunnsutfordringane i vår tid. Omfattande digitalisering, robotisering og automatisering vil endre innhaldet i mange jobbar, og nokre jobbar vil bli erstatta av teknologiske løysingar. Det frigjer arbeidskraft, men krev også betydelege investeringar i ny kompetanse for å kunne utnytte den nye teknologien.

HØGRE VIL:

- › sikre at alle som står utanfor arbeidslivet, og som får hjelp av offentlege etatar, automatisk får tilbod om kartlegging av grunnleggjande ferdigheiter som lesing og skriving
- › styrkje program for opplæring i arbeidslivet gjennom Kompetansepluss-ordninga
- › leggje til rette for betre kompetanse- og karriereutvikling for arbeidstakarar gjennom heile yrkesløpet og spesielt sjå på kompetansebygging for seniorar
- › styrkje vidareutdanningsprogram retta mot bransjar i ein omstillingsfase
- › byggje ut og gjennomføre ein nasjonal strategi for kompetanseløft i arbeidslivet i samarbeid med partane
- › prøve ut ei ordning der Nav kan gje tilbod om formell kompetanse på grunnskulenivå eller vidaregåande opplæring, medan arbeidssøkjaren får støtte frå Nav
- › vurdere ei ordning med KompetanseFunn, etter modell frå SkatteFunn, der bedriftene får kompensert for utgifter til kompetanseheving
- › stimulere universitet, høgskolar og fagskolar til å utvikle etter- og vidareutdanningstilbod i tett dialog med arbeidslivet
- › utvide Kompetansepluss-ordninga til å gjelde fagopplæring på arbeidsplassen

ATTRAKTIVE FAGSKOLAR

Høgre vil styrkje fagskolane, slik at det blir meir attraktivt å ta høgare fagutdanning.

Fagskolane er ein viktig del av det norske utdanningstilbodet og kjenneteikna av eit særleg tett samarbeid med arbeidslivet. Mange fagarbeidarar ønskjer og har behov for kompetanse ut over fagbrev, samtidig som arbeidslivet etterspør slik kompetanse. Høgre vil utvikle fagskolane som utdanningsløp vidare og sikre god rekruttering til desse læringsstadene.

HØGRE VIL:

- › utvikle fagskolane som ein attraktiv og sjølvstendig utdanningsveg
- › stimulere til strukturendringar for å få sterkare fagskolar
- › styrkje fagskolane gjennom ei føreseieleg og fleksibel statleg finansieringsordning som belønner kvalitetsforbetringar
- › sørgje for ei tydeleg arbeidsdeling mellom fagskulesektoren og universitets- og høgskulesektoren
- › ha tydelege, føreseielege og gjensidige overgangsordningar mellom fagskolar og universitet og høgskolar
- › sørgje for at rådgjevingstenesta i grunnskulen og den vidaregåande skulen, Nav og dei regionale karrieresentera styrkjer kompetansen på fagskuleutdanning for å gjere fagskolane synlege og bidra til rekruttering

HØYERE UTDANNELSE OG FORSKNING

Høgre vil ha høgare kvalitet i norsk høgare utdanning og fleire miljø i verdstoppen og sikre ei offensiv satsing på forskning også i framtida.

Studentane skal lukkast gjennom å møte studietilbod som er prega av høg kvalitet og relevans, høge ambisjonar og tydelege forventningar til studentane. Kvaliteten på undervisninga må opp.

Gode prioriteringar er nødvendig. Eit lite land som Noreg må satse på å utvikle nokre fagmiljø til å bli verdssleierende, samtidig som vi satsar tungt på forskning og utvikling på område der vi har særlege fortrinn og behov.

Høgre vil styrkje forskinga for å løyse store samfunnsutfordringar og bidra til innovasjon og konkurransekraft og til ny erkjenning og ein opplyst samfunnsdebatt. Høgre legg særleg vekt på at offentleg finansierte forskning skal ha høg kvalitet og vere uavhengig av politiske føringar eller særinteresser som kan rokke ved truverdet til forskinga.

Norske fagmiljø må samarbeide meir og betre internasjonalt. Det er viktig for å heve kvaliteten i forskning og utdanning, for å delta i den internasjonale dugnaden for ny kunnskap og for å hente heim kunnskap som er utvikla utanfor Noreg. Høgre vil leggje til rette for at ny kunnskap blir teken i bruk gjennom større grad av samarbeid mellom universitet, forskingsinstitutt og arbeidsliv og gjennom større grad av kommersialisering og nyetableringar baserte på forskingsbasert kunnskap.

HØGRE VIL:

- › gjennomføre Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning
- › utvikle vidare ordningar som støttar opp under framifrå miljø innan utdanning (SFU), forskning (SFF), innovasjon (SFI) og fornybar energi og miljøteknologi (FME)
- › sikre at vitskapleg kvalitet veg tyngre for offentlege investeringar i forskning, og sikre at forskning som ikkje leverer kvalitet eller manglar eit relevant formål, blir lagd ned



- › føre vidare arbeidet med å etablere sterkare universitet og høgskolar, mellom anna gjennom ei betre arbeidsdeling mellom lærestadene, slik at utdanningstilboda er forankra i sterke og forskingsaktive fagmiljø
- › fordele ein større del av statstilskotet til høgare utdanning gjennom konkurransearenaer som er baserte på oppnådde resultat
- › gjennomføre tiltaka i kvalitetsmeldinga for høgare utdanning, mellom anna for å styrkje undervisningskvaliteten
- › utvikle vidare ordninga med utviklingsavtalar mellom staten og utdanningsinstitusjonane og knyte økonomiske verkemiddel til avtalane
- › styrkje den offentlege forskingsinnsatsen ytterlegare for å nå målet om at dei totale forskingsinvesteringane skal utgjere 3 prosent av BNP innan 2030; av det bør 2 prosent utgjera av privatfinansiert forskning

- › stimulere til meir forskning i næringslivet og tettare samarbeid mellom forskning og næringsliv, mellom anna gjennom SkatteFunn-ordninga, Brukarstyrt innovasjonsarena (BIA) og andre næringsretta program i Forskringsrådet
- › etablere eit vitenskapleg rådgjevande organ for regjeringa for å fremme utdanning og forskning av høg kvalitet og relevans på tvers av alle samfunnssektorar
- › styrkje verkemidla som fremmar innovasjon i offentleg sektor og tenesteytande næringar
- › utvikle sterkare forskingsinstitutt som har ei nøkkelrolle for omstilling og innovasjon
- › utvikle vidare nærings-ph.d. og offentleg-ph.d. og innføre tilsvarende ordningar for postdoc.
- › gje forskingsinstitusjonane ressursar til å opprette fleire vitenskaplege stillingar
- › sikre felles nasjonale standardar for helseprofesjonar i utdanninga
- › innføre moderate skulepengar for studentar frå land utanfor EØS-området
- › styrkje prinsippet om open forskingspublisering for å gjere kunnskapen tilgjengeleg for fleire
- › satse på EUs forskingsprogram og sikre rammevilkår for norske aktørar som deltek i EU-prosjekt
- › leggje til rette for at utdanningsinstitusjonane kan ta i bruk supplerande inntaksformer som motivasjonsbrev, opptaksprøver og intervju

BETRE KVALITET PÅ STUDIA OG EIN ENKLARE STUDENTKVARDAG

Høgre har som mål ei høgare utdanning med høg kvalitet, som er tilgjengeleg basert på kvalifikasjonar, uavhengig av økonomisk og sosial bakgrunn.

Studentane skal lukkast gjennom å møte studietilbod som er prega av høg kvalitet og relevans, høge ambisjonar og tydelege forventningar til studentane og gode rammevilkår som stimulerer til å fullføre studium på normert tid. Studiefinansiering og velferdsordningar må ta sterkare omsyn til at studentar kan velje å få barn i studietida. Gratisprinsippet skal førast vidare. Vi må prioritere studietilbod som gjer kompetanse som Noreg har særleg behov for i tiåra framover.

HØGRE VIL:

- innfase 11 månaders studiestøtte fram mot 2020
- forbetre støtteordningane for studentar med barn
- gje studentar høve til å ta opp ytterlegare lån i Lånekassa
- heve inntektstaket for omgjerding av studielån til stipend
- forbetre støtta til norske studentar i utlandet for å motivere fleire studentar til å studere utanlands, mellom anna ved å auke støtta til studentar som tek utdanning ved velrenomerte universitet i utlandet
- auke talet på studentbustader og prioritere område med særleg press
- gjere studentbustader om til eit eige arealformål i plan- og bygningslova
- styrkje arbeidet med oppfølging av den psykiske helsa til studentane
- sikre betre oppfølging av studentane for å betre den psykiske helsa og den faglege progresjonen deira
- satse på førebyggjande helsetiltak blant studentar



- ha fleire studieplassar innan digitalisering, informasjonsteknologi og andre IKT-fag
- gje norske utanlandsstudentar høve til å jobbe ved sida av studiet utan å miste medlemskapen i folketrygda
- greie ut endringar i studiefinansieringa slik at ho i større grad belønner studentar for å fullføre på normert tid
- stimulere den høgare utdanningssektoren til å innføre digital vurdering og eksamen i dei faga der det er naturleg
- arbeide for at universitet og høgskolar i større grad samarbeider med det lokale arbeidslivet, mellom anna ved å tilby meir arbeidspraksis under utdanningane

HJELP NÅR DU TRENG DET

I DETTE KAPITTELET:

Eit godt arbeidsliv for alle	113
Ny sjanse	116
Eit sterkare sosialt tryggingsnett for dei som treng det	118
Eldrepolitikk - Fleire år og fleire moglegheiter	119

HJELP NÅR DU TRENG DET

Høgre vil ha ei velferdsreform som gjer fleire ein ny sjanse i arbeidslivet og færre på passiviserande stønader.

Arbeid er grunnlaget for vår felles velferd. Det er vi som i fellesskap skaper verdiane vi bruker og fordeler. Høgre vil styrkje arbeidslinja og sikre at dei som kan jobbe, får jobbe, og vi vil auke respekten for alle typar arbeid. Ein jobb er den sikraste vegen ut av fattigdom. Vi må senke terskelen inn til arbeidslivet, slik at fleire får ein ny sjanse.

Ein føresetnad for eit inkluderande, omstillingsdyktig og likestilt arbeidsliv er seriøse aktørar som følgjer reglane. Høgre vil slå ned på arbeidslivskriminalitet og sosial dumping, som truar det norske arbeidslivet. Vi lever lenger, og da må vi også jobbe lenger. Høgre ser på seniorar i arbeidslivet som ein ressurs, ikkje som ei byrde. Vi vil gjere det enklare for arbeidstakarar å stå lenger i jobb og samtidig sjå kritisk på velferdsordningar som svekkjer seniorane sin plass i arbeidslivet.

Velferdssystemet vårt er i dag altfor sentralstyrt og uoversiktleg. Mange av støtteordningane våre risikerer å halde menneske utanfor arbeidslivet i staden for å hjelpe dei inn. Høgre vil ha ei velferdsreform som forenkler stønadssystemet og styrkjer arbeidslinja. Samtidig må vi sikre at menneske som treng hjelp, faktisk får det. Velferdssystemet vårt må bli betre til å hjelpe dei som treng det aller mest. Ingen skal tape på å kombinere jobb og trygd.



EIT GODT ARBEIDSLIV FOR ALLE

Høgre vil ha eit trygt arbeidsliv med rom for fleire enn i dag.

Noreg har eit trygt arbeidsliv som er prega av ordna forhold. Gjennom samarbeidet mellom arbeidsgjevarar og arbeidstakarar har Noreg skapt ein av dei mest moderne og omstillingsdyktige arbeidsmarknadene i verda. Høgre vil ha eit arbeidsliv med seriøse arbeidsgjevarar og motarbeide arbeidslivskriminalitet gjennom samarbeid mellom offentlege myndigheiter og partane i arbeidslivet. Høgre meiner at eit likestilt arbeidsliv med høg organisasjonsgrad er ein konkurransefordel. Høgre vil utvikle den norske modellen vidare.

Høgre har som mål eit inkluderande og godt arbeidsliv. Altfor mange jobbar ufrivillig deltid, spesielt i helsesektoren. Høgre er oppteke av at arbeidsgjevarar og arbeidstakarar skal kunne finne fleksible løysingar som opnar for at fleire som ønskjer det, får jobbe heiltid. Vi må leggje betre til rette for at også personar med nedsett funksjonsevne kan delta i arbeidslivet. Høgre vil at eldre med god arbeidsevne skal få høve til å stå lenger i arbeid, og vil leggje til rette for at samfunnet i større grad kan ha nytte av ressursane dei eldre har. Eit trygt arbeidsliv må tilpasse seg endringar i jobbmønster og familieliv. Høgre vil ha ei moderne, trygg og fleksibel arbeidsmiljølov.

HØGRE VIL:

- behalde fast tilsetjing som hovudregel i arbeidslivet
- framleis arbeide for å redusere bruken av mellombelse stillingar i offentlig sektor
- leggje til rette for fleire heile stillingar, alternative turnusordningar og for at fleire vel å jobbe heiltid
- at gradering skal vere hovudregelen ved mottak av helserelaterte ytingar og ved sjukmelding, og at dei som kan og vil jobbe, får høve til å bruke den restarbeidsevna dei har
- heve frikortgrensa
- gjere det lettare for mottakarar av offentlege ytingar å ta utdanning som gjer studiepoeng
- tilby fleire varig tilrettelagde arbeidsplassar, spesielt i ordinært arbeidsliv (VTO), og sørgje for at utviklingshemma i større grad får tilbod om dei varig tilrettelagde arbeidsplassane (VTA)
- støtte opp under fleire treparts-bransjeprogram i område som har problem med dårlege arbeidsvilkår
- styrkje arbeidet mot høgt sjukefråvær og gå kritisk igjennom innretninga på dagens IA-avtale (inkluderande arbeidsliv) saman med avtalepartane før avtalen eventuelt blir fornya
- gje arbeidssøklarar med psykiske helseutfordringar samordna oppfølging frå Nav og helsetenesta parallelt
- styrkje arbeidsgjevaren si rolle i å forhindre langtidssjukefråvær ved å vurdere å forlengje arbeidsgjevarperioden utan at den totale kostnaden for arbeidsgjevaren aukar
- at skatte- og velferdsordningane skal byggje opp under arbeidslinja

- forenkle legeerklæringsskjemaet for fastlegane i samarbeid med Legeforeningen og gje dei tilsette i Nav ansvaret for å vurdere yting og arbeidsevne i samråd med brukaren
- auke bruken av lønnstilskot for å hjelpe fleire inn i arbeidslivet
- inkludere fleire med nedsett funksjonsevne i arbeidslivet gjennom mellom anna betre tilrettelegging og meir bruk av personlege tilretteleggingsavtalar
- behalde fagforeiningsfrådraget på dagens nivå for å sikre høg organisasjonsgrad
- sikre at kampen mot arbeidslivskriminalitet og sosial dumping blir prioritert av berørte etatar, satse på dei samlokaliserte sentera som ein spydspiss i kampen mot arbeidslivskriminalitet og sikre betre informasjonsdeling
- auke bevisstheita hos offentlege innkjøparar i stat og kommune om ansvaret dei har for å bidra til eit seriøst arbeidsliv gjennom innkjøpa sine
- styrkje det internasjonale samarbeidet mot grenseoverskridande arbeidslivskriminalitet
- gjere lønnsinndrivning til ein del av ordninga med fri rettshjelp for å styrkje kampen mot useriøse aktørar
- styrkje program for kompetanseheving i arbeidslivet
- ha ei moderne arbeidsmiljølovgiving som sikrar tryggleik for den enkelte og nødvendig fleksibilitet i organiseringa av det daglege arbeidet
- setje ned eit utval som skal vurdere sjukelønnsordninga

NY SJANSE

Høgre vil gje tilpassa hjelp og leggje betre til rette for dei som vil tilbake til arbeidslivet, og la frivillig sektor og sosiale entreprenørar delta meir i velferdsarbeidet.

Høgre vil ha eit inkluderande arbeidsliv der fleire får høve til å delta. Altfor mange står utanfor arbeidslivet, og det er særleg bekymringsfullt når det gjeld unge menneske. Høgre vil gjennomgå trygdesystemet for å sikre at det får arbeidsledige raskt i arbeid, og at alle får utnytta restarbeidsevna si. Å stille krav er å bry seg. Difor er Høgre oppteke av å ha aktivitetsplikt for å sikre at mottakarar av sosialhjelp er i aktivitet. Høgre vil senke tersklane for at personar med nedsett funksjonsevne kan delta i arbeidslivet. Vi vil ha betre samarbeid mellom arbeidsgjevarar, Nav, bemanningsbransjen, attføringsbedrifter og andre tiltaksleverandørar for å få fleire i arbeid.

Enkelte opplever eit Nav-system som ikkje gjer dei den oppfølgjenga dei treng. Andre får hjelp, men ikkje hjelp som er tilpassa deira spesielle situasjon. For Høgre er valfridom viktig. Å bestemme over sitt eige liv styrkjer sjølvkjensla, sjølvrespekten og motivasjonen. Frivillige organisasjonar og sosiale entreprenørar er sentrale bidragsytarar til velferda vår. Somme jobbar etter velprøvde metodar, andre prøver å skape nye. Høgre ønskjer å gjere det lettare for dei sosiale entreprenørane å delta i velferdsarbeidet i samfunnet.

HØGRE VIL:

- gjennomføre ei harmonisering og forenkling av trygdesystemet, mellom anna greie ut om det er mogleg å slå saman dagpengar og arbeidsavklaringspengar (AAP) for å sikre fleksibilitet og hindre negative incentiveffektar i trygdesystemet
- ha mindre sentral detaljstyring og gje Nav større ansvar for å sikre brukarane riktig tiltak til riktig tid
- gjennomføre målet om at ingen Nav-brukarar under 30 år skal gå ledige i meir enn åtte veker utan å få tilbod om arbeid eller utdanning, arbeidstrening eller annan aktivitet



- innføre eit nasjonalt forsøk der ein del av det statlege trygdebudsjettet blir overført til kommunane, slik at dei får ansvar for å finansiere ein del av trygda saman med staten og får behalde pengane dei ville brukt på å utbetale trygd, dersom dei lukkast i å hjelpe utsette grupper inn i arbeidslivet
- sikre eit betre samarbeid mellom Nav, bemanningsbransjen og arbeidsgjevarane for å få fleire i arbeid
- senke terskelen for å gje sosialhjelpsmottakarar tilgang til statlege arbeidsmarknadstiltak, for å sikre at brukarane får den hjelpa dei skal ha
- gjennomføre aktivitetsplikt for mottakarar av sosialhjelp i alle kommunar og prioritere dei yngste mottakarane først
- stille strengare krav til Navs tiltaksleverandørar og sørge for at dårlege resultat får konsekvensar for tiltaksleverandøren
- innføre forsøk med velferdsobligasjonar for å mobilisere sosiale entreprenørar
- jobbe systematisk for at fleire ideelle og sosiale entreprenørar skal få ta del i å løyse sosiale utfordringar i samfunnet, mellom anna ved å auke kommunane sin innkjøpskompetanse om sosiale entreprenørar

EIT STERKARE SOSIALT TRYGGINGSNETT FOR DEI SOM TRENG DET

Høgre vil gje tryggleik og betre støttetilbod til dei som treng det

Gjennom felles avgjerder har vi bygd eit tryggingsnett for å gje tryggleik til dei som fell utanfor arbeidslivet. Det er bra for storsamfunnet, men viktigast av alt er at det er bra for den enkelte. Dei fleste barn i Noreg veks opp i trygge familiar med gode økonomiske vilkår. Samtidig er det familiar som fell utanfor på grunn av dårlege levekår, svak økonomi eller begge delar. Det rammar barna. Høgre har som mål at alle skal ha like sjansar. Vi vil styrkje det sosiale tryggingsnettet. Gode oppvekstvilkår inneber også at alle barn kan delta i fritidsaktivitetar.

HØGRE VIL:

- › fortsetje arbeidet med å sikre at alle barn og unge får delta i fritids- og kulturaktivitetar
- › føre vidare redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid i barnehagen for barn av foreldre med svak økonomi
- › leggje til rette for at fleire kan eige bustaden sin, for eksempel ved i større grad å ta i bruk den bustadsosiale modellen leige-før-eige over heile landet
- › auke rammene for startlån til barnefamiliar og særleg til einslege forsørgjarar
- › styrkje behandlinga og ettervernet innan rusomsorg og psykiatri
- › satse på ein inkluderande kunnskapsskule som eit av dei viktigaste verkøya for å hindre aukande forskjellar
- › utvikle vidare modellar med fleire tiltak på tvers av hjelpeapparatet for å gje betre oppfølging og støtte til familiar med låginntekt, for eksempel gjennom hjelp til bustad, økonomi og tilbod om barnehage, SFO og fritidsaktivitetar for barna



ELDREPOLITIKK – FLEIRE ÅR OG FLEIRE MOGLEGHEITER

Høgre vil ha eit samfunn som gjer eldre som kan og vil, høve til å delta lenger i arbeidslivet

Nordmenn lever stadig lenger, og vi er allereie éin million innbyggjarar over 60 år i Noreg. Høgre meiner vi må utnytte det. Vi må leggje til rette for at alle som har god arbeidsevne, og som ønskjer å stå lenger i arbeidslivet, kan gjere det. Eldre i framtida vil vere sprekare og friskare enn gårdsdagens eldre. Med betre helse kan vi arbeide lenger. Likevel er det framleis haldningar, åtferd og ordningar som kan verke ekskluderande for seniorar.

HØGRE VIL:

- › leggje til rette for at fleire eldre med god arbeidsevne kan stå lenger i arbeid dersom dei ønskjer det
- › leggje til rette for betre kompetanse- og karriereutvikling for arbeidstakarar gjennom heile yrkesløpet, og spesielt sjå på kompetansebygging for seniorar
- › gjennomgå særaldersgrensene og andre lovbestemte aldersgrenser i offentleg sektor i samarbeid med partane i arbeidslivet, med det som mål at fleire som har god arbeidsevne, får høve til å stå lenger i jobb
- › fullføre gjennomføringa av pensjonsreforma i offentleg og privat sektor
- › førebyggje og redusere tidleg avgang frå arbeidslivet via helserelaterte trygdeytningar
- › gjennomgå særordningar for å gjere seniorarbeidstakarar meir attraktive i arbeidslivet
- › følgje opp strategien for eit aldersvennleg samfunn for å stimulere til aktivitet og arbeid for eldre
- › vurdere å heve den øvre aldersgrensa for domsmenn og meddommarar
- › vurdere å heve den øvre aldersgrensa i arbeidslivet, gjennomføre ei kritisk vurdering av lovverket og arbeide mot haldningar i samfunnet som gjer grunnlag for usakleg aldersdiskriminering



PASIENTEN SI HELSE- TENESTE

I DETTE KAPITTELET:

Betre folkehelse kan hindre sjukdom	125
Nærleik mellom pasient og behandlar	127
Hjelp av spesialistar når du treng det	130
Betre psykisk helse	134
Ei verdig rusomsorg	136
Eit verdig liv med kronisk sjukdom	138
Pårørande skal ha innflytelse	139
Medisinsk bioteknologi	140
God helse for ein god alderdom	141

PASIENTEN SI HELSETENESTE

Høgre vil utvikle pasienten si helseteneste og særleg prioritere kvalitet i behandlinga og oppfølging av dei mest sårbare pasientgruppene.

Å få hjelp når ein treng det, er viktig både for å kjenne seg trygg og for å ha livskvalitet. Det viktigaste i helsetenesta er ikkje systemet, men pasienten. Behandlingsapparatet må byggjast opp rundt dette. Det er difor Høgre ønskjer ei helseteneste for pasientane. Vi vil fortsetje å redusere ventetida og usikkerheita for dei som treng behandling, slik vi har gjort gjennom kortare sjukehuskøar og gjennom pakkeforløpet i kreftbehandlinga, som fjernar unødvendig ventetid og sikrar kreftpasientar eit betre tilbod. Private, frivillige og det offentlege må jobbe saman for eit best mogleg helsetilbod, men det offentlege skal ha eit hovudansvar. Kvalitet i tenestene og valfridom i tilbodet av tenester er nøkkelord for helsepolitikken vår. Høgre vil ha større openheit i helsetenestene, gje meir makt til pasientane ved å auke valfridommen og gjere det enklare å få innsyn ved å gjere informasjonen digital og tilgjengeleg for den enkelte pasienten.

I dei neste tiåra vil ei aldrande befolkning, ny medisinsk teknologi og aukande forventningar til velferdssystemet gje eit større press på tenestene våre. For å sikre den grunnleggjande tryggleiken og eit betre tilbod til dei som treng helsetenester mest, meiner Høgre det vil bli nødvendig å prioritere betre og klarare enn i dag. Høgre er særleg oppteke av at pasientar med alvorlege sjukdommar og ekstra sårbare pasientgrupper skal sikrast eit verdig tilbod. Ein god folkehelsepolitikk er å støtte opp under gode val for den enkelte. Førebygging er bra både for den enkelte og for samfunnet. Ei helseteneste for pasientane og ein god folkehelsepolitikk er blant dei viktigaste bidraga i kampen mot uønskte forskjellar mellom folk i Noreg.



BETRE FOLKEHELSE KAN HINDRE SJUKDOM

Høgre vil leggje til rette for at folk kan ta gode og sunne helse- og livsstilsval i kvardagen

Ein god og førebyggjande folkehelsepolitikk skal synleggjere dei gode og sunne vala enda betre enn i dag. Overvekt og fysisk inaktivitet fører til at fleire blir sjuke, og aukar dei sosiale forskjellane. Høgre vil gjere det enklare å ta gode val for eiga helse og eigen livsstil. Samtidig må tiltak for betre folkehelse vegast opp mot valfridommen for enkeltmennesket. Alle samfunn må tillate at innbyggjarane tek val for seg sjølve som andre meiner er dårlege.

HØGRE VIL:

- gjere det enklare for folk å ta gode helse- og livsstilsval i kvardagen
- føre vidare samarbeidet med næringslivet for å leggje til rette for sunne produkt i matbutikkane og lettfatteleg merking av sunne alternativ
- ha meir fysisk aktivitet i skulen, mellom anna ved å lære av og spreie gode erfaringar frå forsøk på skolar og i kommunar
- at psykisk helse skal vere ein integrert del av folkehelsearbeidet, mellom anna med ei offensiv satsing på å motarbeide einsemd i befolkninga
- mobilisere og samarbeide med frivillige aktørar og organisasjonar i folkehelsearbeidet, også innan idretten, for å utvikle breiddetilbod til utsette barne- og ungdomsgrupper og målretta tilbod til eldre og kronisk sjuke
- leggje betre til rette for sunne måltidsvanar i skulen og bidra til å spreie gode erfaringar med måltids- og kosthaldsarbeid i skolar og kommunar
- fortsetje arbeidet med å halde ungdom røyk- og snusfrie
- behalde hovudlinjene i dagens alkoholpolitikk og gje kommunane større handlingsrom i spørsmål om skjenketider og utsalsstader
- fremme psykisk helse og førebyggje einsemd også blant eldre
- sikre riktig bruk av legemiddel i samspel med apotek, legar og pasientar
- auke forskingsinnsatsen på vaksinar
- utvide barnevaksinasjonsprogrammet med ein HPV-vaksine til gutar for å stanse spreinga av HPV og relaterte kreftdiagnosar
- føre vidare samarbeidet med friluftsråd og friluftslivsorganisasjonar om lågterskel friluftstilbod i nærmiljøa, med vektlegging av fysisk aktivitet, naturopplevingar og sosiale møteplassar for å fremme både fysisk og psykisk helse



NÆRLEIK MELLOM PASIENT OG BEHANDLAR

Høgre vil ha ei sterk primærhelseteneste i heile landet.

Det er i primærhelsetenesta – mellom anna hos fastlegen – dei fleste først kjem i kontakt med helsetenesta. Primærhelsetenesta er difor svært viktig også for førebygging og tidleg innsats. Det lokale helsetilbodet dannar grunnlaget for eit godt helsetilbod og samarbeid mellom primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Det blir fleire eldre i den norske befolkninga, og talet på personar med kroniske sjukdommar og samansette omsorgsbehov blir dermed også stadig fleire. Det aukar presset på primærhelsetenesta.

HØGRE VIL:

- › sikre alle innbyggjarane tilgang til ei kompetent, handlekraftig og godt organisert primærhelseteneste, uansett kvar i landet dei bur
- › endre lovverk og finansieringssystem for å leggje til rette for tverrfaglege primær- og oppfølgingsteam i kommunane
- › fortsetje satsinga på kompetanseløft i dei kommunale helsetenestene for å sikre fagleg dyktige og oppdaterte tilsette
- › fortsetje satsinga på ei tverrfagleg helsestasjons- og skulehelseteneste som skal sørge for god tilgang på hjelp og støtte til barn og unge gjennom skule og barnehage
- › bygge ut lågterskeltilbodet innan psykisk helsevern i kommunane, sørge for at det kan tilsetjast fleire psykologar, og auke kompetansen på psykisk helse hos fastlegar og andre tenester
- › styrkje satsinga på e-helsetenesta, mellom anna ved å innføre ei felles nasjonal løysing for pasientjournal
- › etablere fleire helsehus og lokalmedisinske senter
- › sørge for gode tannhelsetenester og gode offentlege støtteordningar for sårbare grupper
- › støtte gode samarbeidsprosjekt mellom kommune- og spesialisthelsetenesta
- › leggje til rette for utbygging av lærings- og meistringstilbod i kommunane, i tillegg til betre samordning med dei andre tenestene
- › etablere oppfølgingsteam i primærhelsetenesta for betre oppfølging av pasientar med kroniske og langvarige lidningar
- › følgje opp retten til brukarstyrt personleg assistanse for å styrkje brukarrettane og valfridommen i kvardagen



- › leggje til rette for at kommunane kan ta i bruk ny velferdsteknologi som kan bidra til å gjere kvardagen enklare for pasientane og auke kvaliteten på tenestene, mellom anna ved å forsterke velferdsteknologiprogrammet
- › innføre krav om at fastlegar skal tilby dei som ønskjer det, e-konsultasjon
- › stimulere legar og helsepersonell til å utføre oppgåver digitalt
- › styrkje jordmøntenesta i kommunane mellom anna ved å gje jordmødrer eit større ansvar for å sikre kvinner god helse. Jordmødrer kan gjennom meir ansvar for svangerskapskontrollar, prevensjons- og familierådgiving, helsekontrollar og prøvetaking bidra til det. Det bør også vurderast om jordmødrene bør ha utvida rettar i praksisen sin



HJELP AV SPESIALISTAR NÅR DU TRENG DET

Høgre vil sikre høg fagleg kvalitet i helsetenesta, slik at pasientane får best mogleg hjelp og pleie.

Spesialisthelsetenesta er mellom anna sjukehusa våre. Ei helseteneste for pasientane inneber at kvaliteten på behandlinga skal vere høg, ventetida så kort som mogleg, og at pasienten skal bli høyrd i alle delar av helsetenesta. Pasientane skal møtast med kunnskap og respekt. God informasjonsflyt og kommunikasjon mellom kommunehelsetenesta, fastlegen og spesialisthelsetenesta er viktig for å sikre det.

Høgre meiner at det trengst ein gjennomgang av organiseringa av helsetenesta. Vi skal gje dei overordna prioriteringane for helsetenestene gjennom ein nasjonal helseplan, samtidig som vi må sikre handlingsrom og fleksibilitet på det enkelte sjukehuset, slik at behandlinga kan bli best mogleg. Ventetidene må vere så korte som mogleg. Det er nødvendig med ei fortløpande vurdering av prioriteringane i helsetenestene. Høgre er særleg oppteke av å sikre behandlinga for menneske med alvorlege lidingar og for utsette pasientgrupper.

Antibiotikaresistens er ei av dei aller største utfordringane i helsetenesta i åra som kjem. Fleire resistente bakteriar vil gjere at sjukdommar vi lett kurerer i dag, blir dødelege i framtida. Høgre er oppteke av å sikre og styrkje nasjonal og internasjonal innsats for å bevare effekten av eksisterande antibiotika og bidra til utvikling av nye.

HØGRE VIL:

- sikre trygge sjukehus og betre helsetenester for alle, uansett kvar i landet ein bur
- redusere ventetida for å få behandling eller utgreiing og undervegs i behandlingsforløpet
- innføre pakkeforløp som reduserer ventetida og gjer pasientane betre behandling og rehabilitering på fleire område, og jobbe meir heilskapleg med pasientforløp i heile helsetenesta
- at sjukehusa i større grad skal styrast etter kvalitetsmål og resultat for pasientane, og med større openheit enn i dag
- endre styringa av sjukehusa og spesialisthelsetenesta, med betre nasjonal koordinering og effektive avgjerdsstrukturar, samtidig som dei lokale helseføretaka får større fridom i arbeidet med å gje pasientane eit godt tilbod
- ha betre oppgåvedeling og samarbeid mellom sjukehus, der sjukehusa utnyttar kompetansen og kapasiteten til kvarandre ved å jobbe meir i nettverk og som team
- arbeide for å redusere unødig rapportering og skjemavelde og forenkle kvardagen i sjukehusa
- fremme openheitskultur og god leiarskap i spesialisthelsetenesta
- sikre valfridom og mangfald for pasientane og utvide fritt behandlingsval til nye område
- auke tilbodet av helsetenester frå private og ideelle aktørar gjennom fritt behandlingsval
- ha større openheit om ventetider og gje pasientane betre informasjon om rettane deira

- sikre at menneske med varig behov for eit tenestetilbod innan tilrettelagde tenester frå kommunen sjølve kan velje kvar dei vil bu
- auke bruken av private avtalespesialistar, med fleire heimlar og betre arbeidsdeling mellom sjukehus, poliklinikkar og avtalespesialistar
- at kvinner skal kunne bruke gynekologtenester utan tilvising frå fastlegen
- prioritere klarare og betre i heile helsetenesta, basert på nytte-, ressurs- og alvorlegheitskriteria
- etablere ei kvalitetsgodkjenningsordning for sjukehus, mellom anna nasjonal godkjenning av nasjonale og regionale behandlingstenester
- følgje opp etableringa av ein permanent undersøkingskommisjon for uønskte hendingar i helsetenestene
- sikre betre ernæringsoppfølging for utsette pasientgrupper
- leggje til rette for meir klinisk forskning og eksperimentell behandling i Noreg og meir innovasjon gjennom samarbeid mellom sjukehusa og helsenæringa
- at Noreg skal vere ein global pådrivar for koordinert arbeid mot antibiotikaresistens
- arbeide for eit internasjonalt forbod mot å bruke antibiotika som vekstfremmar i matproduksjonen og for eit forbod i EU mot at veterinærar kan selje antibiotika
- at antibiotikaresistens nasjonalt og internasjonalt må motarbeidast tverrsektorielt
- ha som mål å utdanne fleire legar i Noreg



BETRE PSYKISK HELSE

Høgre vil fortsetje opptrappinga for å betre det psykiske helsevernet i Noreg.

Ei god psykisk helse er viktig for å ha god livskvalitet. Innsatsen må difor setjast inn så tidleg som mogleg for dei som slit med psykisk helse. Høgre vil framleis ha psykisk helse som ei av dei viktigaste satsingane sine. Vi må også førebyggje at psykiske problem oppstår, ved å forhindre mobbing og sosial isolasjon av barn og unge og av vaksne på arbeidsplassar.

HØGRE VIL:

- › etablere ei relevant og fagleg god førstelinjeteneste innan psykisk helsevern i kommunane, med særleg vekt på tilbodet til barn og unge
- › innføre pakkeforløp som gjer kortare ventetider og betre behandling, også innan psykisk helse
- › integrere psykisk helsevern betre i folkehelsearbeidet elles
- › utvide fritt behandlingsval til fleire område innan psykisk helsevern
- › byggje ut lågterskeltilbodet og forbetre oppfølgingstilbodet innan psykisk helse i kommunane, sørgje for at det kan tilsetjast fleire psykologar, og auke kompetansen om psykisk helse hos fastlegar og andre tenester
- › innføre kommunal betalingsplikt for utskrivne pasientar innan psykisk helsevern for å sikre forpliktande samarbeid og betre oppfølging etter behandling
- › fjerne byråkratiske hinder for betre samarbeid mellom Nav og helsetenesta i oppfølginga av psykisk sjuke
- › innføre «jobbresept» for å aktivisere pasientar og bruke det som ein del av behandlingstilbodet
- › satse på oppsøkjande behandlingsteam i kommunane, i samarbeid med spesialisthelsetenesta
- › styrkje det tverrfaglege samarbeidet mellom tenestene innan psykologi, psykiatri og rusomsorg, mellom anna for å betre ettervernet
- › samarbeide meir med frivillige organisasjonar for å gje betre aktiviserings-tilbod til personar med psykiske helseproblem
- › redusere bruken av tvang under behandling innan psykisk helsevern
- › styrkje behandlingstilbodet innan psykisk helsevern i kriminalomsorga

EI VERDIG RUSOMSORG

Høgre vil ha ei meir verdig rusomsorg og kjempe mot avhengigheit. Høgre har som mål at ingen skal døy av overdose.

Høgre vil føre ein kunnskapsbasert ruspolitikk, med reduksjon av skadar og skadeverknader som avgjerande mål, og prioritere det som har størst effekt. Alkohol, narkotika og tobakk har helsemessige skadeverknader for den enkelte, og vi må arbeide for å redusere desse skadeverknadene. Eit forbod mot bruk og oppbevaring av narkotika er eit viktig normdannande tiltak som ikkje er til hinder for ei tilnærming med meir vekt på skadereduksjon. Høgre ønskjer å endre reaksjonane frå myndigheitene si side mot personar som blir tekne for bruk og oppbevaring av narkotika, frå straff til hjelp, behandling og oppfølging – mellom anna inspirert av portugisiske erfaringar.

HØGRE VIL:

- overføre ansvaret for oppfølging av bruk og oppbevaring av illegale rusmiddel til eige bruk frå justissektoren til helsetenesta
- redusere ventetida ytterlegare for rusavhengige som ventar på behandling, og sørgje for ein betre overgang frå avslutta behandling til oppfølging/ettervern
- innføre pakkeforløp innan tverrfagleg, spesialisert rusbehandling innan 2020 etter mal av pakkeforløpet for kreft
- ha eit betre tverrfagleg samarbeid om behandling og ettervern mellom psykisk helsevern, rusbehandling og somatisk helseteneste
- sikre mangfald og valfridom i behandlinga av rusproblem ved å føre vidare fritt behandlingsval innan tverrfagleg, spesialisert rusbehandling, supplert av offentlege anbod frå ideelle og private på rusfeltet
- opne mottakssenter i dei største byane der ruspasientar kan få time til poliklinisk eller anna behandling innan 24 timar etter avrusing

- etablere lågterskel substitusjonsbehandling i alle helseregionar etter modell av LASSO
- betre arbeidet med den somatiske helsa til rusavhengige, mellom anna ved å satse på kompetanse og bevisstgjerings i tenestene og leggje til rette for større vektlegging av fysisk aktivitet og ernæring i rusbehandlinga
- styrkje tilbodet om avrusing og rusmeistring for innsette med narkotika-problem i norske fengsel
- arbeide for at innsette med lengre fengselsdommar får ein sjanse til å bli heilt rusfrie før lauslatinga
- utvikle vidare og auke bruken av helsefaglege tiltak og metodar som reaksjon på mindre alvorlege narkotikarelaterte lovbrøt, mellom anna ein ungdomskontrakt
- at Noreg skal vere ein pådrivar globalt for ein narkotikapolitikk som er bygd på helse, skadereduksjon og menneskerettar
- leggje til grunn ei fagleg vurdering av om andre metodar enn injisering av heroin bør tillatast på sprøyterom
- vurdere om fastlegar, etter ei fagleg vurdering, kan starte behandling av rusavhengige med Subutex og Subuxsone utanom LAR
- ha forsøk med skadereduserande tiltak som for eksempel heroinassistert behandling som eit tilbod til tunge rusmisbrukarar
- i større grad ta i bruk rusbehandling der innlegginga er frivillig, medan gjennomføringa er tvungen



Pårørande er ein ressurs og skal ha innflytelse på hjelpetilbodet til den dei er pårørande for.

EIT VERDIG LIV MED KRONISK SJUKDOM

Høgre vil gjere livet betre for folk med kroniske sjukdommar.

Mange menneske i Noreg slit med kroniske helseplager på grunn av skadar, sjukdom eller fordi dei har gjennomgått ei tøff behandling for ein livstruande sjukdom. For livskvaliteten er det viktig i størst mogleg grad å få høve til å leve eit vanleg liv, med tilknytning til arbeidslivet, eit sosialt nettverk og familie.

HØGRE VIL:

- › styrkje rehabiliteringa ved akutt og varig sjukdom
- › gradvis inkludere rehabilitering i godkjenningsordninga for fritt behandlingsval
- › setje kommunane i stand til å ta eit større ansvar for rehabiliteringstilbodet for dei vanlegaste pasientgruppene
- › fjerne den øvre aldersgrensa på 67 år for rett til brukarstyrt personleg assistent
- › innføre rett til brukarstyrt avlasting etter modell av retten til brukarstyrt personleg assistanse (BPA)
- › framleis ha spesialiserte rehabiliteringstilbod som spesialisthelsetenesta skal ha ansvar for

PÅRØRANDE SKAL HA INNFLYTELSE

Høgre vil at pårørande skal kunne ha innflytelse på hjelpetilbodet når ein pasient ikkje sjølv er i stand til å påverke behandlingsløpet sitt.

Pårørande er ein ressurs og skal ha innflytelse på hjelpetilbodet til den dei er pårørande for. Merksemda skal rettast mot at pårørande kan ha fleire roller, både som avlastarar, som omsorgspersonar og som dei som tek avgjerder i behandlingsløpet. Høgre meiner det er viktig å basere behandling på eit breiast mogleg kunnskapsgrunnlag.

HØGRE VIL:

- › anerkjenne pårørande som ein viktig ressurs innan helse- og omsorgstenesta
- › fremme god helse og gode tilbod for pårørande i krevjande omsorgssituasjonar
- › bidra til at pårørande blir tekne meir på alvor i alle delar av behandlingsskjeda
- › peike på utfordringar, behov og moglege løysingar for å ta betre vare på pårørande til sjuke og pleietrengande
- › tydeleggjere ansvaret kommunane har for å sikre medverknad frå brukarar og pårørande

MEDISINSK BIOTEKNOLOGI

Høgre vil fremme moglegheitene for behandling og førebygging av sjukdom innan bioteknologi innanfor etisk forsvarlege rammer.

Gen- og bioteknologien gjer store moglegheiter for behandling og førebygging av sjukdom. Høgre ønskjer å føre ein politikk som gjer at det kan vidareutviklast og byggjast opp ny bioteknologisk og farmakologisk industri i Noreg. Samtidig stiller bioteknologien oss overfor store etiske utfordringar. Høgre held fast ved at politikken skal byggje på eit føre-var-prinsipp, og setje grenser for bruken av ny teknologi, både for å sikre menneskeverdet, integriteten til den enkelte, at etikken blir teken vare på, og for å gje oss oversikt over konsekvensane av nye behandlingstilbod.

HØGRE VIL:

- › verne om føre-var-prinsippet når det gjeld bruk av stamceller frå menneske som er fødde
- › oppretthalde dagens abortlov
- › forhindre at menneskeleg liv blir sortert ut frå eigenskapar
- › seie nei til anonym sæddonor for å sikre at alle barn som er fødde i Noreg, skal kunne kjenne sitt biologiske opphav
- › avgrense medisinske inngrep til tilfelle der det er dokumentert positiv helsegevinst for pasienten
- › ta i bruk dei mest skånsame behandlingsmetodane for dei som allereie i dag har rett til fostervassprøve innanfor gjeldande lovverk
- › seie nei til surrogati, men ikkje straffe personar som får utført surrogati i utlandet

GOD HELSE FOR EIN GOD ALDERDOM

Høgre har som mål å sikre ei god og verdig omsorg som er tilpassa individuelle behov, og vil ta i bruk velferdsteknologi for å auke kvaliteten på tenestene.

Alderssamansetnaden i befolkninga endrar seg, og kompleksiteten i oppgåveløysinga vil auke. Betre kompetanse, endringar i tenesteorganiseringa og meir bruk av velferdsteknologi skal bidra til betre kvalitet og valfridom i omsorga. Fleire eldre vil ha behov for ei meir individorientert helse- og omsorgsteneste. Eldre pasientar skal få tilbod om nødvendig rehabilitering etter sjukdom og skadar. For at pleietrengande skal kjenne seg trygge, vil Høgre leggje til rette for at dei får oppfølging av same personar eller team, særleg i heimetenesta. Høgre vil leggje til rette for at eldre kan bu heime så lenge som mogleg, ved mellom anna å ta i bruk velferdsteknologi. Frivilligsentralane kan spele ei viktig rolle i dette arbeidet.

HØGRE VIL:

- › at kommunen i større grad legg til rette for fritt brukarval for heimeteneste (praktisk bistand) og heimesjukepleie – om dei sjølve vil velje leverandør, eller om dei ønskjer å nytte seg av det ordinære kommunale tilbodet
- › følgje opp arbeidet med å innføre ein tryggleiksstandard for sjukeheimar
- › stimulere til at fleire kommunar gjennomfører førebyggjande heimebesøk for eldre
- › ta eit større nasjonalt ansvar for at kommunane byggjer ut tilstrekkeleg kapasitet i omsorgstenesta både for dei som bur heime, for dei som bur på institusjon, og for dei som har andre buformer
- › sørgje for meir og betre kunnskap om tilstanden i omsorgstenesta, både gjennom objektive kvalitetsindikatorar og brukartilfredsheit, større openheit og betre bruk av kunnskap i styringa og leiinga av tenestene
- › gjere om tilskotsordningane i Husbanken for i større grad å leggje til rette for kommunal og privat utbygging av omsorgsbustader, sjukeheimsplassar, hospice, demenslandsbyar og private bufellesskapar

- › satse på bygging av fleire demenslandsbyar i Noreg
- › endre lovverket slik at praktisk hjelp i heimen og heimesjukepleie blir organisert og levert som ei felles teneste
- › utdanne fleire med kompetanse på dei meir komplekse og samansette sjukdomsbileta hos eldre
- › ha fleire tverrfaglege oppfølgingsteam som skal bidra med koordinering og yte tilrettelagde, fleirfaglege tenester, kartleggje mål og behov hos brukarane og leggje til rette og skreddarsy tilbod ut frå det
- › trekkje frivillige krefter inn i eldreomsorga for å bidra til betre livskvalitet for eldre
- › leggje til rette for at kommunane kan ta i bruk ny velferdsteknologi som kan bidra til å gjere kvardagen enklare for pasientane og auke kvaliteten på tenestene, mellom anna ved å forsterke velferdsteknologiprogrammet
- › at alle skal ha rett til god, lindrande behandling som gjer ei verdig avslutning på livet, men at respekt for menneskeverdet inneber å seie nei til aktiv dødshjelp
- › sikre at kvardagsrehabilitering blir ein integrert del av pleie- og omsorgstenestene i alle kommunar
- › styrkje innsatsen for riktig ernæring og systematisk oppfølging av ernæringsstatusen for alle pasientar som får hjelp frå heimebaserte tenester og i institusjon
- › sørge for at alle eldre på sjukeheim eller med heimesjukepleie får ein jamleg gjennomgang av legemidla som sikrar riktig bruk



GRØN OMSTILLING OG BERE- KRAFTIG FRAMTID

I DETTE KAPITTELET:

Internasjonalt klimaarbeid	147
Føregangsland for fornybar energi	148
Ein utsleppsfri transportsektor	149
Kollektivtransport, sykkel og gange	150
Miljøvennlege køyretøy	152
Grøn skipsfart	153
Sirkulær økonomi – betre utnytting av ressursar i omløp	154
Klimavennlege bygg	156
Eit berekraftig jordbruk	157
Ei grønare olje- og gassnæring	158
Natur og biologisk mangfald	159
Dyrevern og dyrevelferd	161

GRØN OMSTILLING OG BEREKRAFTIG FRAMTID

Høgre vil at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Transportsektoren skal bli utsleppsfri, og Noreg skal vere eit føregangsland innan fornybar energi.

Høgre har forvaltaransvaret som sitt ideologiske utgangspunkt. Vi må etterlate kloden vi tok over frå forfedrane våre, i minst like god stand til etterkommarane. Klimautfordringa er ei av dei største utfordringane i vår tid. Høgre meiner at Noreg skal realisere lågutsleppssamfunnet og bidra til å oppfylle Paris-avtalen. Klimagassutsleppa skal reduserast med minst 40 prosent innan 2030 samanlikna med 1990-nivået. Kutta skal gjennomførast i samarbeid med EU. Dei største nasjonale utsleppsreduksjonane må vi ta i sektorane som ikkje er omfatta av EUs kvotesystem, det vil seie transportsektoren, landbruket og avfalls- og byggsektoren.

Grøn vekst er også å bruke naturen for å binde ein størst mogleg del av klimautsleppa våre. Norsk natur og skog bind allereie om lag 50 prosent av CO₂-utsleppa våre.

Høgre vil bruke marknaden i teneste for miljøet, følgje prinsippet om at forureinaren betaler, og sørge for at det lønner seg å velje miljøvennleg i kvardagen. Det må bli dyrare å forureine, billigare å vere miljøvennleg og meir lønsamt å utvikle nye, klimavennlege løysingar. Høgre vil leggje til rette for omstillinga til eit grønar samfunn med nye, berekraftige arbeidsplassar gjennom å stille miljøkrav og ved å bruke skatte- og avgiftssystemet.

Næringslivet er avgjerande i arbeidet med å utvikle og ta i bruk klimaløysingar. Staten har eit ansvar for å skape føreseielege rammer for klimapolitikken. Slik kan staten bidra til at næringslivet kan utvikle gode, lønsame og miljøvennlege løysingar. Samtidig vil Høgre styrkje statlege støtteordningar som reduserer den økonomiske risikoen ei rekkje bedrifter tek på seg ved å prøve ut ny teknologi.

Norske kommunar og lokalsamfunn må spele ei aktiv rolle i klimakampen for at Noreg skal kunne omstille seg til å bli eit lågutsleppssamfunn. Offentleg innkjøpsmakt og regelverk er eit viktig verkemiddel for å utvikle miljøteknologi og ta i bruk miljøvennlege løysingar. I tillegg vil Høgre stille krav og innføre tiltak som bidreg til miljøvennleg by- og stadutvikling i kommunane.

INTERNASJONALT KLIMAARBEID

Noreg skal vere ein pådrivar i det internasjonale klimaarbeidet.

Klimautfordringane er globale og kan best løysast gjennom internasjonalt samarbeid og forpliktande internasjonale avtalar. I desember 2015 fekk verda ein ny forpliktande klimaavtale. Målet med avtalen er å halde oppvarminga godt under 2 grader, og avtalen inneheld ein ambisjon om å jobbe for 1,5 grader. Noreg har teknologi, kompetanse og kapital til å ha ei leiande rolle i det grøne skiftet globalt.

HØGRE VIL:

- føre vidare den internasjonale klima- og skogsatsinga til 2030 på eit høgt nivå
- utvide ramma for satsing på fornybar energi i utviklingsland under GIEK og Eksportkreditt
- bidra til at utviklingsland når måla i Paris-avtalen gjennom bidrag til FNs grøne fond og andre moglegheiter som ligg i Paris-avtalen
- nytte EØS-midlane til å støtte forsking på og utvikling og bygging av fullskala-anlegg for fangst og lagring av CO₂ i Europa
- at Noreg skal vere ein pådrivar for forpliktande avtalar som er med på å løyse dei internasjonale klimautfordringane
- at Noreg skal bidra med kunnskap, kompetanse og bistandskapital i kampen mot klimaendringane

FØREGANGSLAND FOR FORNYBAR ENERGI

Noreg skal bidra aktivt i det grønne skiftet gjennom å erstatte fossile energikjelder med fornybare

Noreg er rikt på energiresursar og skal vere ein føregangsnasjon innanfor miljøvennleg produksjon og forbruk av vasskraft, vindkraft, bioenergi og andre fornybare energiformer. Noreg vil ha eit betydeleg kraftoverskot i åra framover. Denne energien bør brukast til å fase ut fossil energi og realisere lågutsleppssamfunnet gjennom ny kraftforedlende bruk innan for eksempel industri og datasenter og større grad av kraftutveksling med nabolanda våre.

Høgre vil bidra til at potensialet for fornybar energi generelt og vasskraft spesielt kan utnyttast betre, både gjennom gode rammevilkår, auka forskingsinnsats og ei vidare utvikling av gode verkemiddel som bidreg til teknologiutvikling i industri og næringsliv. Ei rekkje norske bedrifter ligg langt framme når det gjeld å ta i bruk klimavennleg teknologi. Det er viktig at denne utviklinga held fram.

HØGRE VIL:

- bidra til at bedrifter utviklar og tek i bruk miljø- og klimavennleg teknologi, gjennom å støtte fleire storskala pilot-/demoanlegg
- styrkje overføringskapasiteten for elektrisk kraft mellom Noreg og resten av Europa for å redusere klimagassutsleppa og for å utvikle Noreg som Europas grønne batteri vidare
- styrkje Innovasjon Noregs miljøteknologiordning som bidreg til risikoavlasting
- setje eit energieffektiviseringsmål på 10 TWh i eksisterande bygg innan 2030, stille større krav til effektivisering i nye bygg og ha støtteordningar/skattefrådrag for energiøkonomisering i bedrifter og hushald
- sørge for at Noreg bidreg til å utvikle ein kostnadseffektiv teknologi for fangst, bruk og lagring av CO₂ gjennom å realisere minst eitt fullskala-anlegg og bruke kompetansen vår til innsats i andre land



EIN UTSLEPPSFRI TRANSPORTSEKTOR

Høgre har ein nullutsleppsvisjon for transportsektoren.

Høgre meiner at vi må planleggje byar og lokalsamfunn på ein måte som reduserer transportbehova. Det inneber at nye bustader og næringsbygg bør byggjast langs eksisterande transportkorridorar og ved trafikknutepunkt. Høgre meiner at vi gradvis må fase ut fossil energi i heile transportsektoren gjennom å stille krav og innføre tiltak som bidreg til rask innfasing av null- og lågutsleppsløysingar i alle delar av sektoren. Elektrifisering av transportsektoren er både eit energieffektiviseringstiltak og eit klimatiltak.



Høgre meiner at kollektivtransporten i dei store byområda bør vere utsleppsfrie innan 2025.

KOLLEKTIVTRANSPORT, SYKKEL OG GANGE

Høgre meiner at kollektivtransporten i dei store byområda bør vere utsleppsfrie innan 2025.

Klimaforliket slo fast at trafikkveksten i dei store byane skal dekkjast av kollektivtransport, sykkel og gange. Det krev god arealplanlegging og større satsing på kollektivtransport, sykkel og gange, slik at transportveksten kan fordelast mellom dei tre miljøvennlege transportformene. Det er også avgjerande for å unngå kø, for å unngå at vegar legg beslag på verdifullt areal og for å skape trivelege lokalsamfunn.

HØGRE VIL:

- › at staten finansierer minst 50 prosent av alle store kollektivutbyggingar i og rundt dei største byane og utviklar vidare gode byvekstavtalar som stimulerer kollektiv- og sykkeltiltak
- › at det ved statleg medfinansiering av større kollektivsatsingar må stillast krav til fortetting ved kollektivknutepunkt og stasjonsnære område

- › leggje til rette for utbygging av infrastruktur til låg- og nullutslepps-teknologi for køyretøy, ferjer og skip i samarbeid med private aktørar
- › stille krav om låg- eller nullutsleppsløysingar når kollektivtransport blir sett ut på anbod
- › auke investeringstakten i jernbaneutbygginga og bruken av miljøvennleg drivstoff som elektrisitet og hydrogen
- › erstatte fossil diesel på jernbanen med fornybare energikjelder innan 2030
- › inkludere klimarelaterte mål for transportsektoren i Nasjonal transportplan og presentere tiltak for å nå måla i planen
- › leggje til rette for at mindre trafikkerte vegar, skogsbilvegar, fjellvegar og nedlagde jernbanestrekningar kan brukast som sykkelvegar
- › stimulere til auka utbygging av samanhengande trasear for sykkel og gange i byar og tettstader

MILJØVENNLEGE KØYRETØY

Høgre vil jobbe for at alle nye køyretøy er null- eller lågutsleppskøyretøy etter 2025.

Høgre vil at det skal lønne seg å velje miljøvennlege køyretøy. Difor vil Høgre sørgje for rammevilkår som bidreg til rask innfasing av nullutsleppskøyretøy, og som gjer det lønsamt å velje dei. Ei omstilling til nullutsleppsteknologi i transportsektoren er heilt sentralt for å redusere klimagassutslepp. I tillegg er det viktig for å redusere lokal luftforureining i form av NOx og partiklar.

HØGRE VIL:

- innrette avgiftene slik at det lønner seg å velje miljøvennlege køyretøy, og gradvis auke avgiftene på fossile køyretøy og fossilt drivstoff
- leggje til rette for infrastruktur som gjer det mogleg å velje nullutsleppskøyretøy over heile landet
- etablere tydelege reglar og gode rammevilkår som gjer Noreg til ein attraktiv marknad for sjølvkøyrande køyretøy
- leggje til rette for forsøk med førarlaus nullutsleppskøyretøy
- at kommunar som ønskjer det, skal kunne innføre køprising og ytterlegare miljødifferensiering av satsane i bomringane, og gje kommunane gode verktøy som kan redusere lokale miljøproblem
- auke omsetningspåbodet for biodrivstoff for å bidra til raskare innfasing av berekraftig biodrivstoff
- leggje til rette for miljøvennlege alternativ når teknologien er tilgjengeleg, for å redusere klimagassutsleppa frå flytransporten

GRØN SKIPSFART

Alle nye ferjer og skip i nærskipfart bør ha teke i bruk klimanøytrale energikjelder eller nullutsleppsteknologi innan 2030.

Noreg har lange tradisjonar som skipsfartsnasjon og har ei betydeleg næring knytt til offshoreverksemd, nasjonal og internasjonal skipsfart. Vi har verdsleiarande skipsverft og reiarlag i Noreg. Skipsfarten står i dag for store utslepp av klimagassar og bidreg også til dårleg luftkvalitet i mange av dei største byane våre. Noreg har teknologi, kompetanse og kapital til å utvikle nye teknologiske løysingar som kan bidra til reduserte utslepp både lokalt og globalt.

HØGRE VIL:

- at alle ferje- og hurtigbåtanbod skal innehalde krav om null- eller lågutsleppsløysingar
- utarbeide ein plan for etablering av landstraumtilbod for skip i større norske hamner
- føre vidare NOx-fondet
- innføre eit CO₂-fond etter modell av NOx-fondet som kan bidra til rask reduksjon i klimagassutsleppa frå tungtransport og skipsfart
- leggje til rette for grøn skipsfart gjennom offentleg–privat samarbeid om miljøvennlege pilotprosjekt, demonstrasjonsskip og teknologiutvikling innanfor skipstrafikken
- at Noreg skal vere ein aktiv pådrivar for strengare utsleppskrav i internasjonal skipsfart og oppfølginga av desse krava
- gjennomgå avgifter på fossil energibruk i næringa med mål om at det skal lønne seg å ta i bruk miljøvennlege og klimanøytrale fartøy
- gje kommunane høve til å relokalisere forureinande skip på dagar med høg luftforureining der det er mogleg



SIRKULÆR ØKONOMI – BETRE UTNYTTING AV RESSURSAR I OMLØP

Noreg skal vere eit føregangsland i utviklinga av ein grøn økonomi som utnyttar ressursane betre.

Høgre vil gjere norsk økonomi grønare. Å utnytte ressursane betre kan gje store gevinstar for miljøet, økonomien og samfunnet. Den maksimale levetida til råvarene må utnyttast og den totale avfallsmengda reduserast. Det skaper arbeidsplassar, samtidig som det gjer betre miljø og større verdiskaping for samfunnet.

Høgre er oppteke av å få større vekst med mindre ressursbruk. Høgre meiner det er behov for større kompetanse på nasjonalt nivå om å utnytte ressursane betre. Høgre meiner offentleg sektor må gå føre i etterspørselen etter bruk av sekundære råvarer i innkjøpa sine. Miljøkrav må fremme innovasjon og bidra til å gjere resirkulering og gjenbruk meir attraktivt. Høgre har som ambisjon å halvere matsvinnet i Noreg fram mot 2030, basert på frivillig samarbeid med forbrukarar og næringsliv.

(Les meir om bio- og sirkulærøkonomi i kapittelet Sikre og skape arbeidsplassar.)

HØGRE VIL:

- › bygge ut betre ordningar for utsortering av alt matavfall og anna organisk avfall frå hushald, offentlege verksemder og privat næringsliv. Kommunane må leggje til rette for bruks- og kostnadseffektive løysingar
- › stille seg positivt til tiltak for å redusere kasting av mat innan daglegvarebransjen og næringsmiddelindustrien
- › stille miljøkrav som fremmar innovasjon, og sjå på ulike modellar for å bidra til å gjere resirkulering, energigjenvinning og gjenbruk meir attraktivt for privatpersonar og bedrifter
- › vurdere å innføre ei ny returordning for plast med lang nedbrytingstid
- › setje i verk tiltak som stimulerer til opprydding av plast i havet
- › vurdere ulike tiltak som bidreg til å redusere unødvendig bruk av plastemballasje
- › innføre reglar som forpliktar industri og næringar til å følgje standardar eller oppfylle mål om effektivitetsgrad ved bruk av råvarer, energi eller vatn
- › innføre deponiforbod for avfall som kan material- eller energigjenvinnast (plast, metall, glas, papp, papir og bionedbrytbart avfall)
- › greie ut ei miljøavgift for emballasje og fossil plast



KLIMAVENNLEGE BYGG

Høgre vil fase ut all bruk av fossil energi i byggsektoren og fjernvarmesektoren innan 2020.

Høgre meiner at ein del av løysinga på klimautfordringane er å byggje og rehabilitere bygningar slik at dei får redusert energibehovet. Bygg må i framtida planleggjast med løysingar som minimaliserer energibehovet. Høgre vil stimulere fleire utbyggjarar til å velje lågenergihus og nullenergi, som er langt meir energieffektive løysingar enn dei som er i dagens bustader.

HØGRE VIL:

- › fase ut all fossil energi i bygg- og fjernvarmesektoren innan 2020
- › utvikle standardar for miljø- og klimasertifisering av ulike løysingar i byggsektoren
- › føre vidare satsinga på ENØK-tiltak i hushalda og i næringslivet
- › leggje til rette for utvikling av bygg med «nesten nullenergi»-standard eller «pluss»-standard
- › prioritere forskingsmidlar til utvikling av miljøvennlege bygg, mellom anna gjennom meir bruk av tremateriale og treprodukt

EIT BEREKRAFTIG JORDBRUK

Høgre vil at landbruket skal produsere mat på den mest effektive og berekraftige måten, og som gjer lågast mogleg utslepp av klimagassar.

Jordbruket må redusere klimagassutsleppa sine for at vi skal nå klimamåla. Det er avgjerande at klimagassutsleppa ikkje veks i takt med matproduksjonen.

HØGRE VIL:

- › i samarbeid med næringa gjennomføre effektive klimatiltak som aukar produksjonen av biogjødsel og biogass og reduserer utsleppa frå landbruksmaskiner
- › gjennomgå alle skattar, avgifter og subsidiar for landbruket med mål om å stimulere næringa til å redusere energibruk og klimagassutslepp
- › stimulere til forskning på miljøvennlege alternativ innan matproduksjon og husdyrhald

EI GRØNARE OLJE- OG GASSNÆRING

Høgre vil ha strenge miljøkrav til olje- og gassproduksjonen på norsk sokkel

Verda går i retning av eit lågutsleppssamfunn. Bruk av fossilt brensel er den viktigaste årsaka til menneskeskapte klimaendringar. Samtidig vil verda også i framtida ha behov for olje og gass, sjølv i eit lågutsleppssamfunn. Olje- og gassproduksjonen på norsk sokkel har relativt låge klimagassutslepp og er underlagd strenge nasjonale klimapolitiske rammevilkår, som CO₂-avgift og kvoteplikt. Ei framtidig petroleumsverksemd i både etablerte og nye område må kombinerast med strenge krav til miljø, sikkerheit og beredskap og til sameksistens med andre næringar, spesielt fiskeri- og havbruksnæringa.

HØGRE VIL:

- stille krav om at det blir gjennomført klimapolitiske risikoanalysar i samband med planar for utbygging og drift av nye felt
- elektrifisere nye og eksisterande felt der det er klimamessig og økonomisk forsvarleg
- styrkje konkurransen og mangfaldet på sokkelen for å sikre ei kostnads-effektiv, miljømessig og teknologisk positiv utvikling, og bruke Statens direkte økonomiske engasjement (SDØE) til å stimulere til omsetning av lisensar og større konkurranse på sokkelen
- satse på forskning og utvikling som bidreg til auka utvinning, høgare energieffektivitet og nye miljøteknologiske løysingar som reduserer klimagassutslepp frå eksisterande og nye felt
- etablere eit lågutsleppsprogram for olje- og gassektoren i samarbeid med næringa

NATUR OG BIOLOGISK MANGFALD

Høgre vil ta vare på naturmangfaldet gjennom ein kombinasjon av frivillig vern, berekraftig bruk og naturbasert verdiskaping basert på ein sterk, privat eigedomsrett.

Noreg er heldig stilt med ein variert, frodig og rein natur. Nordmenn har sterke friluftstradisjonar med utgangspunkt i allemannsretten til fri ferdsel i utmark. Norsk natur er i generasjonar forma gjennom naturbasert verdiskaping basert på respekt for privat eigedomsrett og berekraftig bruk. Lokal sjølvråderett og ein mangfaldig privat eigarskap har sikra berekraftig forvaltning av ressursane innanfor eit nasjonalt lov- og regelverk. Høgre vil ta vare på naturmangfaldet for kommande generasjonar, og meiner at det best skjer gjennom ein kombinasjon av frivillig vern og berekraftig bruk.

HØGRE VIL:

- arbeide internasjonalt for å innføre strengare reguleringar og fleire forbod mot miljøgifter i produkt
- stanse tapet av biologisk mangfald i tråd med våre internasjonale forpliktingar
- ha eit oppdatert økologisk grunnkart over artar og naturtypar i Noreg og bruke det til å ta vare på artsmangfaldet og redusere konfliktnivået i arealsaker
- fortsetje arbeidet med å rydde opp i giftige sediment i fjordar, elver, hamner og innsjøar og forhindre avrenning av mikroplast til vassdrag
- ta vare på bymarker og grønne lunger i byar og tettstader
- ta vare på verdifulle kulturlandskap
- føre vidare satsinga på frivillig skogvern i Noreg
- innføre lokal forvaltning i Nordland og Troms, slik som i resten av Noreg sør for desse fylka



- › sikre levedyktige bestandar av dei store rovviltartane bjørn, ulv, gaupe, jerv og kongeørn i samarbeid med nabolanda våre, innanfor rammene av Bernkonvensjonen, naturmangfaldslova og rovviltforlika på Stortinget
- › følge opp ulveforliket på Stortinget, med mål om å redusere belastninga med ulv og dempe konfliktnivået
- › at all forvaltning av rovdyr skal byggje på vitskapleg og erfaringsbasert kunnskap, og at det skal leggjast vekt på regional forvaltning, respekt for eigedomsretten og livskvaliteten for enkeltmenneske og lokalsamfunn
- › basere rovdyrforvaltninga på lokal utøving av myndigheit innanfor nasjonale retningslinjer og bestandsmål
- › ta vår del av ansvaret for den nordatlantiske villaksstammen
- › hindre spreiding av artar som ikkje høyrer heime i norsk natur
- › forbetre skjøtselen av verneområde og nasjonalparker, mellom anna gjennom grunneigarstyrt forvaltning og lokal medverknad
- › auke talet på marine verneområde etter grundige lokale prosessar
- › ta initiativ til ei ny, internasjonal satsing for å forbetre miljøtilstanden i verdas havområde, inkludert mellom anna større innsats mot marin forøpling

DYREVERN OG DYREVELFERD

Høgre vil at Noreg skal liggje i fremste rekke når det gjeld dyrevelferd

Høgre meiner at dyr har ein eigenverdi, og at handteringa av dyr skal skje med omsorg og respekt for eigenarten deira. Myndigheitene skal førebyggje, avdekkje og følgje opp grove overgrep mot dyrevelferd. Høgre meiner at personar som har ansvar for dyr, skal ha kunnskap om åtferdsbehovet og behovet for ernæring, sosialisering og fysisk miljø hos dyra. Dyr skal haldast i eit miljø som gjer god livskvalitet, og funksjonsfriske dyr skal vere ein føresetnad for alle typar avl. Høgre tek utfordringane knytte til klima, folkehelse og dyrevelferd alvorleg. Ein berekraftig landbrukspolitikk skal harmonere med helse-, miljø-, og dyrevelferdspolitiske mål. Høgre ønskjer difor å leggje til rette for at det skal bli enklare for forbrukarane å ta grønne, sunne og dyreetiske val.

HØGRE VIL:

- › fortsetje pilotprosjektet med dyrepoliti i Noreg og utvide prosjektet ytterlegare
- › ha høge minstekrav til dyrevelferd for alle husdyrslag
- › at forbrukarane skal få meir informasjon om produksjonsmetodane for kjøtt og saman med næringa finne gode løysingar slik at forbrukarane kan ta opplyste val
- › greie ut pålegg om ID-merking av hundar og kattar
- › tillate ei pelsdyrnæring i Noreg som er basert på strenge dyrevelferdsmessige kriterium



KULTUR, IDRETT OG MANGFALD

I DETTE KAPITTELET:

Eit fritt og levande kunst- og kulturliv	165
Idrett, frivilligheit og deltaking for alle	168
Norsk kulturarv og språk	170
Medium i eit ope demokrati	172
Samane si stilling som urfolk	174
Mangfald og integrering	175
Mangfald i trus- og livssyn	178



KULTUR, IDRETT OG MANGFALD

Høgre ønskjer eit inkluderande og mangfaldig kultur- og idrettsliv

Kultur, idrett og frivillig deltaking gjer livet rikare. Kunst og kultur forankrar oss i vår felles historie, utfordrar oss og opnar opp for det ukjende. Høgre ønskjer eit kulturliv som er prega av nyskaping, kvalitet og talentutvikling. Hovudmålet for Høgre er sterke kulturinstitusjonar, eit større mangfald av aktørar og god talentutvikling. Den norske kulturarven må sikrast.

Idretten er Noregs største folkebevegelse og bidreg til god folkehelse, deltaking og inkludering. Frivilligheita skaper lokalt engasjement og fellesskap. Høgre ønskjer å leggje til rette for størst mogleg frivillig engasjement i idrett og kulturliv. Gjennom frivilligheita oppnår vi sosial tillit, inkludering og kvardag-sintegrering. Økonomisk situasjon og sosial bakgrunn skal ikkje vere til hinder for deltaking og frivillig innsats.

Levedyktige og uavhengige medium er ein føresetnad for demokratiet. Høgre ønskjer ei omlegging av mediepolitikken for å sikre at allmennkringkastingsrolla blir teken vare på, og at kommersiell nyheitsproduksjon skal vere mogleg også i framtida.

EIT FRITT OG LEVANDE KUNST- OG KULTURLIV

Høgre ønskjer kvalitet, mangfald og ytterlegare profesjonalisering av kulturfeltet.

Høgre ønskjer større privat engasjement og frivillig innsats i kulturlivet, samtidi- dig som fleire skal få høve til å leve av sitt kunstnariske virke. Hovudansvaret for staten er å leggje til rette for eit breitt engasjement i kulturlivet og bidra til sterke regionale og nasjonale nøkkelinstitusjonar med høg kvalitet. Eit sterkt, skapande og kritisk kulturliv må vere uavhengig. Eit levedyktig kulturliv treng difor fleire finansieringskjelder.

Høgre vil skape nye, lønsame arbeidsplassar i kulturlivet gjennom å leggje til rette for kreative næringsklyngjer og styrkje regionale tiltak. Kunst og kultur på høgt nivå er viktig for å stimulere og motivere til interesse på amatør- og grasrotnivå. Samtidig er det umogleg å etablere toppsjiktet utan stor aktivitet i breidda. Høgre ønskjer sterke og toneangivande kulturinstitusjonar som sørgjer for kunst og kultur av ypparste kvalitet, i samspel med aktørar frå det frie feltet. Høgre støttar den immaterielle eigedomsretten for opphavsmenn og kulturaktørar, og meiner denne retten må sikrast i møte med den teknologiske utviklinga.

HØGRE VIL:

- fortsetje arbeidet for eit fritt og levande kulturliv gjennom både offentleg finansiering og private bidrag
- bidra til kvalitet og mangfald i kulturlivet med sterkare vektlegging av næringspotensialet i kulturen
- stimulere til maktspreiing i kulturlivet, både geografisk, organisatorisk og økonomisk, i ulike delar av landet
- forenkle og redusere søknadsbyråkratiet i kultursektoren
- satse på det frie feltet ved å oppretthalde og utvikle vidare eit sterkt Norsk kulturråd, med enkle og effektive søknadsordningar



- › leggje til rette for å auke eksporten av norsk kunst og kultur gjennom gode støtteordningar og større samling av kompetansen i klyngjemiljø i alle delar av landet
- › ta vare på opphavsrettane til åndsverk for å sikre ein marknad for kulturell produksjon og distribusjon
- › fortsetje satsinga på Talent Noreg

- › ha kulturskolar som gjer barn og ungdom kulturell ballast, opplæring og glede i møte med ulike kunstuttrykk, og styrkje kulturskolane si rolle som regionale talentaktørar
- › gjennomgå finansieringa av musea etter konsolideringsprosessen, med tanke på å ta vare på både konsoliderte og andre museum med føreseielege rammer og incentiv for innovativ vidareutvikling
- › utarbeide modellar for fleirårige tilskotsordningar for å sikre driftsvilkåra for nasjonale og regionale kulturinstitusjonar
- › sikre dei nasjonale kulturinstitusjonane, gjennomgå leiings- og driftsvilkåra deira og etablere fleirårige tilskotsordningar for store institusjonar
- › utvide bruken av praksis- og lærlingplassar og aspirantordningar ved kulturinstitusjonar som får statstilskot
- › leggje om kunstnarstipendordningane med sikte på større fleksibilitet for frilanskunstnarar og kulturarbeidarar
- › utvide incentivordninga for internasjonalt orientert film- og TV-produksjon i Noreg
- › sikre gåveforsterkingsordninga
- › forenkle stiftelseslova for å leggje til rette for meir privat kapital som bidragsytar i kulturlivet
- › utvikle vidare folkebiblioteka si rolle som kunnskapsinstitusjon, kultur-formidlar og møteplass
- › behalde innkjøpsordninga for litteratur, men gje folkebiblioteka større fridom når det gjeld innkjøp
- › sørge for ytterlegare digitale tilbod gjennom folkebiblioteka
- › liberalisere bransjeavtalen for bøker

IDRETT, FRIVILLIGHEIT OG DELTAKING FOR ALLE

Høgre ønskjer å byggje opp under den frivillige innsatsen og sikre gode rammevilkår for idretten.

Høgre respekterer at dei frivillige organisasjonane er uavhengige, og anerkjenner det verdifulle arbeidet dei som uavhengige organisasjonar tilfører fellesskapen. Høgre vil byggje opp under det frivillige arbeidet og sikre gode rammevilkår for idretten. Deltaking i idrett, friluftsliv og anna frivilligheit skaper engasjement og integrering, styrkjer det lokale demokratiet, gjer positive opplevingar og bidreg til å forbetre folkehelsa.

For Høgre er det eit vesentleg mål at alle skal ha eit godt og variert tilbod for å kunne delta i lokalsamfunnet, uavhengig av bustad eller funksjonsevne. Staten bør leggje til rette for det private og ideelle engasjementet gjennom gode og fleksible rammevilkår. Det norske demokratiet og sjølvstyret er avhengig av engasjement og sterke lokale institusjonar. Høgre meiner at idrett på høgt nivå er viktig for å stimulere og motivere til interesse på amatør- og grasrotnivå. Gode rammevilkår må sikrast for både den organiserte og den eigenorganiserte idretten, samtidig som eliteidretten må få tilstrekkeleg støtte.

HØGRE VIL:

- › gjennomføre ei forenklingsreform for frivilligheita
- › leggje til rette for at fleire deltek i friluftslivsaktivitetar, i samarbeid med frivillige organisasjonar, idrettslag og andre relevante aktørar
- › sikre gode og føreseielege ordningar med momskompensasjon for frivillige organisasjonar
- › at ein størst mogleg del av idrettsfinansieringa skal gå til aktivitet og ikkje til administrasjon
- › betre hjelpeordningane for synshemma og andre grupper som treng hjelparar for å drive idretten sin



- › ha nulltoleranse for mobbing og trakassering i idrett og fritidsaktivitetar
- › leggje til rette for at fleire jenter med minoritetsbakgrunn deltek i organisert idrett
- › utvide Lotteritilsynet sine heimlar for å kunne forfølge brot på føresegnene om marknadsføring
- › behalde einerettsmodellen for pengespel
- › leggje til rette for internasjonale idrettsarrangement i Noreg
- › arbeide for større mangfald i norsk idrett, også på leiarnivå
- › leggje til rette for at toppidrettsutøvarar kan ta utdanning ved sida av at dei utøver idretten sin

NORSK KULTURARV OG SPRÅK

Høgre vil sikre norsk kulturarv og kunnskap om norske handverkstradisjonar.

Kunnskap om eigen kultur gjer tryggleik og gode føresetnader for å møte mangfaldet av impulsar utanfrå på ein sjenerøs og konstruktiv måte. Kulturarv handlar om vern, om bevisstgjerung og om at arven blir brukt i ny verksemd. Høgre meiner at den beste måten å ta vare på kulturarven på er gjennom bruk og forvaltning. Kunnskap blir også best skjøtta gjennom bruk, spesielt munnleg overlevert kunnskap om folkekulturen og handverkstradisjonane. Høgre meiner at statusen til handverket må aukast. Evne til samfunnsdeltaking er særleg knytt til språket. God språkrøkt er difor ikkje berre ei kulturpolitisk målsetjing, men også ein føresetnad for å delta i demokratiet.

HØGRE VIL:

- sikre at vi framleis har to levande norske skriftspråk, og oppretthalde normeringa av begge målformene
- styrkje det nordiske språksamarbeidet
- sikre produksjonen av norsk skjønn- og faglitteratur gjennom innkjøpsordninga
- sikre at norsk kulturarv blir teken vare på, og sørgje for aktiv overlevering av folkemusikk, folkedans og handverk, spesielt små og verneverdige fag
- innføre ei kompensasjonsordning for antikvariske meirkostnader knytte til restaurering av freda bygningar i privat eige og dekning av kostnader knytte til pålagt arkeologisk arbeid med fornminne
- stimulere til vern gjennom aktiv bruk av kulturarven
- gje dei praktiske handverksferdigheitene større plass i grunnskulen
- leggje til rette for nasjonale vidaregåande opplæringstilbod i fag med få utøvarar



- samkøyre det departementale ansvaret for kulturminnevern
- styrkje musea si evne til å ta vare på og gjere den nasjonale kulturarven vår meir tilgjengeleg
- vurdere om normeringa av bokmål og nynorsk skal flyttast ut av Språkrådet



MEDIUM I EIT OPE DEMOKRATI

Høgre ønskjer sjølvstendige og uavhengige medium som leverer etterretteleg journalistikk av høg kvalitet.

Mediepolitikken må stimulere til nyskaping og innovasjon, slik at bransjen held tritt med den teknologiske utviklinga. Dei statlege tilskota til medieproduksjon er i dag fragmenterte og lite treffsikre. Noko støtte blir gitt indirekte gjennom momsfritak, noko via direkte produksjonstilskot og noko som lisensavgift. Den digitale revolusjonen har hatt – og har – store konsekvensar for heile medie-feltet. Høgre ønskjer ein mediepolitikk som held ved like den frie pressa sine tradisjonar og grunnverdiar i ei ny verkelegheit. Det opne nettet må vernast om, samtidig som vi tek vare på personvernomsyn og opphavsrettar.

Høgre ønskjer ei endring av den statlege mediestøtta etter ei ny og prinsipiell tilnærming. Moderne mediestøtte skal vere nøytral, ubyråkratisk og med armlengdes avstand til politiske prosessar. Høgre meiner det er viktig å sikre allmennkringkasting i Noreg for å leggje til rette for kulturformidling og språkrøkt, fremme integrering og sørgje for ytringsfridom og ein open og opplyst samtale. Frie medium er ein del av infrastrukturen i demokratiet.

HØGRE VIL:

- sikre NRK som eit reklamefritt allmennkringkastingstilbod med høg kvalitet
- oppretthalde mediemangfaldet og høvet til å ha alternative og reklamefinansierte allmennkringkastingstilbod
- innføre momsfritak på e-bøker
- tilpasse momsfritaket for medieformidling slik at det ikkje forhindrar alle kombinasjonsløyisingar mellom gratis og betalt innhald
- gjennomgå den statlege støtta til media med sikte på å vri støtta til produksjon av kvalitetsjournalistikk på alle plattformer
- arbeide for at internasjonale medieaktørar som opererer i Noreg, må rette seg etter norske konkurransevilkår
- tillate politisk reklame på alle plattformer
- sikre nettnøytralitet og ein open digital infrastruktur

SAMANE SI STILLING SOM URFOLK

Høgre meiner at kulturarven og språket til urbefolkningane gjer Noreg rikare, og vil arbeide for å utvikle vidare samisk kultur.

Samane er urbefolkninga i Noreg, og samisk har ei særstilling ved sida av norsk. Høgre meiner det er viktig å ta vare på den samiske kulturen.

HØGRE VIL:

- › ta vare på og utvikle vidare samisk språk og kultur som ein viktig del av norsk kulturarv
- › sikre eit fullverdig samisk utdanningstilbod frå barnehage til høgskulenivå
- › at Sametinget skal ha ei tydeleg rolle i arbeidet for samisk språk, kultur og historie
- › styrkje satsinga på helsetenester til den samiske befolkninga
- › at samane sin medverknad for reindrifta skal takast vare på (*reindrift er omtalt i næringskapittelet*)
- › sikre konsultasjonsordninga med Sametinget
- › at private skolar framleis skal kunne tilby samisk undervisning på grunnskule- og vidaregåande nivå
- › arbeide for at elevar skal kunne velje eit samisk språk som valfag

MANGFALD OG INTEGRERING

Integreringspolitikken til Høgre byggjer på arbeid, ansvar og felles norske verdier. Høgre vil sikre at dei nasjonale minoritetane kan utvikle og halde på kulturen og språket sitt.

Noreg har plikt til å hjelpe menneske i nød og til å gje vern mot forfølgning. Vi har også ansvar for å gje dei som kjem hit, eit best mogleg utgangspunkt for å etablere eit nytt liv i Noreg. Asylsøkjjarar som får innvilga opphald, må inkluderast på ein god måte i det norske samfunnet, basert på verdier som demokrati, tillit, likestilling og likeverd. Dei som kjem til Noreg, må sjølve bidra til integreringa.

Arbeid og gode norskkunnskapar gjer tilhøyrse, fellesskap, forankring og nettverk og gjer det mogleg å greie seg sjølv. Ein føresetnad for vellykka integreringsarbeid er at norskopplæring og yrkesretta rettleiing kjem i gang tidleg. For å lukkast nasjonalt må vi ha god kvardagsintegrering rundt om i lokalsamfunna. Høgre ønskjer å leggje til rette for den frivillige innsatsen gjennom ein fleksibel og lokalt tilpassa integreringspolitikk.

Høgre meiner det er bra for mangfaldet i det norske storsamfunnet at landet har fleire nasjonale minoritetar. Nasjonale minoritetar er kvenar, romanifolk, romfolk, jødar, taterar og skogfinnar. Kulturen til dei nasjonale minoritetane bør kunne eksistere og utvikle seg i storsamfunnet.

HØGRE VIL:

- › at integreringspolitikken skal byggje på felles norske verdier og grunnleggjande menneskerettar
- › stille krav om og leggje til rette for aktivitet i heile integreringsløpet
- › utvikle vidare ordninga med integreringsmottak for personar som har fått innvilga opphaldsløyve, eller som sannsynlegvis vil få opphaldsløyve
- › gje einslege mindreårige asylsøkjjarar prioritert busetnad i kommunen der dei har budd på mottak, under føresetnad av at vertskommunen har kapasitet og ønskjer det



- › at kommunen, det lokale næringslivet og Nav skal samarbeide med mottaka for at asylsøkjara skal komme raskare ut i arbeid, for eksempel gjennom ulike arbeidsretta tiltak i samarbeid med lokale arbeidsgjevarar
- › starte med obligatorisk opplæring i norsk og samfunnskunnskap allereie i mottaka
- › styrkje introduksjonsprogrammet for nykomne slik at det blir fleksibelt, individuelt tilpassa og får folk raskare i arbeid
- › utvikle ordningar der introduksjonsstønad kan følgje den enkelte og overførast til ein arbeidsgjevar som lønnstilskot i samband med arbeidspraksis
- › opne for at delar av introduksjonsprogrammet blir gjorde om til obligatorisk arbeidspraksis eller deltaking på yrkesretta kurs
- › ha eit nasjonalt forbod mot ansiktsdekkjande plagg i norske utdanningsinstitusjonar
- › styrkje tilbodet om norskopplæring og utdanning til foreldre som nyttar seg av gratis kjernetid i barnehage for barna sine
- › sørgje for betre språkopplæring for barn med dårleg språkutvikling i barnehagen og ved oppfølging etter 4-årskontrollen
- › gjere det enklare for innvandrara å få brukt kompetansen sin, både gjennom godkjenningssystem og gjennom supplerande opplæringstilbod for dei som har utdanning frå heimlandet
- › leggje til rette for at idretten og frivillige organisasjonar kan bidra til å inkludere grupper som elles fell utanfor
- › leggje til rette for at fleire jenter med minoritetsbakgrunn deltek i organisert idrett
- › motarbeide diskriminering og alle former for utilbørleg sosial kontroll
- › sørgje for opplæring og utdanning i norsk og etablere eigna aktivitetstilbod og møteplassar for innvandrarkvinner
- › ha tilpassa undervisningstilbod innanfor grunnskulen kombinert med språkopplæring for vaksne innvandrara utan basisutdanning frå heimlandet
- › etablere servicesenter for utanlandske arbeidstakarar i fleire storbyar
- › gjere det mogleg for dei nasjonale minoritetane å ta vare på kulturen og tradisjonane sine
- › kjempe mot hatytringar og rasisme overfor minoritetar



MANGFALD I TRUS- OG LIVSSYN

Høgre meiner at eit fritt trusliv og fri religionsutøving er ein grunnleggjande menneskerett som må vernast om.

Noreg har og skal verne om eit mangfald av trus- og livssyn. Høgre meiner det er viktig å sikre religionsutøving, samtidig som det er viktig å respektere og sikre sekulær og humanistisk, ikkje-religiøs utøving ut frå trua og ønska til den enkelte. Respekt for den enkelte si tru eller ikkje-tru er utgangspunktet for Høgre. Samtidig har Noreg som nasjon og samfunn ei klar historisk tilknytning til den evangelisk-lutherske kristne tradisjonen. Kyrkja er skild frå staten, men ikkje frå norsk kultur og tradisjon.

HØGRE VIL:

- › sikre reell sjølvbestemningsrett i alle trus- og livssynssamfunn
- › gjennomgå alle støtteordningane til trus- og livssynssamfunna
- › føre vidare støtta til trusopplæring i Den norske kyrkja
- › sikre vedlikehald av kyrkjebygg
- › sikre gravferdsordningar for alle trussamfunn, også for humanistiske eller sekulære samfunn
- › sørge for at ytringsfridommen gjeld på same måte for religiøse som for religionskritiske ytringar

FORNYE, FORENKL OG FORBETRE OFFENTLEG SEKTOR

I DETTE KAPITTELET:

Ein god og serviceorientert offentlig sektor	183
Produktivitet i offentlig sektor	185
Digitalisering av offentlig sektor	187
Det offentlege skal vere ein attraktiv arbeidsplass	189
Levande distrikt og lokalsamfunn	190
Ein offensiv storbypolitikk	193
Raskare bustadbygging	195
Styrkje det lokale sjølvstyret	197



FORNYE, FORENKLE OG FORBETRE OFFENTLEG SEKTOR

Høgre vil sikre at kommunane er store nok til å kunne levere dei tenestene innbyggjarane treng, og forenkle byråkratiet for både innbyggjarar og næringsliv.

Høgre vil ha gode offentlege tenester som tilpassar seg behova til innbyggjarane og næringslivet. Gode velferdstenester skal sikrast gjennom velfungerande kommunar, regionar og staten. Offentleg forvaltning skal konsentrere seg meir om kvaliteten på tenestene enn om å administrere dei. Høgre vil difor halde fram med å modernisere forvaltninga med mål om at fleire relevante tenester kan formidlast digitalt.

Offentleg sektor står for ein betydeleg del av tenesteproduksjonen og sysselsettinga i Noreg. Høgre vil føre ein politikk som bidreg til innovasjon og effektivisering av offentlege tenester, og la private og ideelle aktørar konkurrere om tenesteproduksjonen for å bidra til innovasjon i tilbodet, betre tenester, fleire gründerar, større mangfald og valfridom for brukarane.

Høgre ønskjer å fornye, forenkle og forbetre offentlig sektor. Høgre vil digitalisere dei offentlege tenestene, ha færre skjema og mindre byråkrati, særleg for dei små og mellomstore bedriftene.

EIN GOD OG SERVICEORIENTERT OFFENTLEG SEKTOR

Høgre har som mål å digitalisere tenester i offentlig sektor og sørge for at offentlig sektor er brukar- og servicevennleg.

Ein god og serviceorientert offentlig sektor er viktig for næringslivet og for brukarane av dei offentlege tenestene. For Høgre er det viktig at rapporteringsplikt, søknader og skjema blir reduserte til eit minimum. Ei effektiv organisering av velferda skal gje alle betre tenester.

Ein viktig føresetnad for at Noreg framleis skal liggje i forkant, er at politikken fremmar, ikkje hindrar, digitalisering i næringslivet. Det må gjerast både gjennom den generelle skatte- og avgiftspolitikken, gjennom forskings- og innovasjonsverkemidla og ved at stat og kommune legg til rette for digitale arbeidsprossar i samhandling med innbyggjarar og næringsliv.

HØGRE VIL:

- sikre stor valfridom i offentlege velferdstenester
- at bedrifter og arbeidstakarar skal ha færre rapporteringspunkt, og at informasjon og rapporteringar skal skje mest mogleg digitalt
- at det skal vere enkelt for innbyggjarane å orientere seg om, få informasjon om og søkje om offentlege velferdstilbod og tenester
- sikre at det offentlege bruker «klart språk» i møte med innbyggjarane og næringslivet
- sikre kvalitet på tenestene, gjere det enklare for brukarane å velje og å ta i bruk privat-offentleg samarbeid og konkurranse for å få betre tenester og ein effektiv tenesteproduksjon
- gjennomføre brukarundersøkingar og kvalitetsmålingar med jamne mellomrom for å gje innbyggjarar og folkevalde betre innsikt i det offentlege tenestetilbodet og for å kunne forbetre kvaliteten

- › sikre at private tilbydarar skal kunne konkurrere om å levere offentlege tenester på same vilkår som offentlege verksemdar
- › utnytte kjøpekrafta i offentlege innkjøp til å utløyse innovative og framtidssikre løysingar
- › halde eit høgt tempo i digitaliseringa av dei offentlege tenestene med det som mål å tilby digitale sjølvbeteningsløysingar for all kontakt mellom privatpersonar, bedrifter og myndigheiter
- › sørge for at offentlege myndigheiter vel løysingar i marknaden som er betre og billigare enn det stat og kommune kan utvikle sjølve
- › fortsetje arbeidet med å utvikle felles register, felles tenester og deling av informasjon på tvers av offentlig forvaltning, med det som mål at ein ikkje må oppgje same informasjon fleire gonger
- › sikre at alle pålagde kurs frå myndigheitene i hovudsak skal kunne gjennomførast som e-læring
- › arbeide for at offentlig sektor har ein positiv rettleiingskultur i møte med bedriftene
- › arbeide for større grad av samordning av statlege tilsyn ved kontroll hos bedrifter
- › automatisere saksbehandlinga på område der regelverk avgjer kva ein har krav på, slik at ein får svar med ein gong



PRODUKTIVITET I OFFENTLEG SEKTOR

Høgre vil bidra til større produktivitet i offentlig sektor og ei tydelegare rollefordeling mellom offentlig og privat sektor.

Ein auke i produktivitetsveksten er nødvendig for at Noreg skal kunne møte dei store utfordringane vi står overfor. Politikken har eit særleg ansvar for at produktiviteten i offentlig sektor aukar langt sterkare i åra som kjem, enn i perioden som ligg bak oss. Høgre meiner at veksten i det offentlege byråkratiet må vere lågare enn den generelle sysselsetjingsveksten. Ressursar må frigjerast til å utføre velferdsoppgåver og til verdiskaping i privat sektor. Høgre vil ha ei tydelegare arbeidsdeling mellom offentlig og privat sektor, der staten ikkje konkurrerer med private aktørar på område der marknaden allereie fungerer.

HØGRE VIL:

- stille krav om at nye oppgåver i offentlig byråkrati først og fremst skal løysast innanfor eksisterande bemanning
- auke tempoet i digitaliseringa av offentlege tenester og funksjonar i tett partnerskap med konkurransedrivne private verksemder
- gjennomgå strukturen i departementa og direktorata med sikte på å forenkle og avbyråkratisere
- fortsetje jakta på tidstjuvar i det offentlege for å fjerne unødige tidkrevjande reglar og prosedyrar, slik at det blir frigjort tid til å løyse dei viktigaste oppgåvene
- føre vidare avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma for den statlege forvaltninga og direktorata
- stille krav til verksemdene i det offentlege om at digitalisering skal utløyse større effektivitet og redusert ressursbehov i tillegg til å gje betre brukaropplevingar
- auke konkurransen om utføring av offentlege oppgåver og sikre at det er like vilkår når private bedrifter og offentlege institusjonar konkurrerer om oppdrag
- at på område der det eksisterer velfungerande marknader med private aktørar, skal det offentlege avvike si eiga tilsvarande verksemd dersom ikkje avgjerande samfunnsomsyn tilseier noko anna
- ikkje bruke store ressursar på at offentlig sektor skal utvikle IT-løysingar i eigen regi der det allereie finst gode løysingar, eller der private kan gjere jobben betre
- sikre innovasjon og konkurranse ved å leggje til rette for og utvikle vidare fellesløysingar der fleire konkurrerande private leverandørar kan tilby løysingar, slik som med påloggingsportalen ID-porten og den sikre digitale postkassa

DIGITALISERING AV OFFENTLEG SEKTOR

Høgre vil at Noreg og Norden framleis skal vere verdslende innan digitalisering i offentlig sektor.

Vi har eit godt utgangspunkt med høg kvalitet på den digitale infrastrukturen og ei befolkning som er digitalt kompetent og gjerne tek i bruk digitale verktøy og tenester. Skal vi halde på dette forspranget, må vi auke tempoet. Offentleg sektor må utvikle brukarvennlege og samanhengande digitale tenester i stat og kommune. Ved å samordne offentlig sektor betre vil vi både få meir ut av investeringane og kunne hente ut større effektiviseringsgevinstar. For innbyggjarar og næringsliv betyr det at ein slepp å fylle ut skjema med opplysningar myndighetene allereie har eller egentleg ikkje treng.

Ein viktig føresetnad for å lukkast med digitalisering i store verksemder er at toppleiarane tek ansvar og ikkje berre overlét avgjerder om digitalisering til IT-avdelinga si. Digitalisering handlar minst like mykje om organisatorisk omstilling som om teknologi. Difor må toppleiarar i offentlig sektor ha strategisk IKT-kompetanse. For Høgre betyr ikkje det at offentlig sektor har ambisjonar om å vere digitalt leiande, det same som at stat og kommune skal utvikle alle dei nye løysingane sjølve. Ofte vil det vere både meir innovasjonsfremmande og meir kostnadseffektivt å bruke den private marknaden til å finne løysingar som eignar seg, eller ta i bruk løysingar som finst frå før, anten andre stader i offentlig sektor eller i marknaden. Bruk av innovative offentlege innkjøp kan bidra til at det offentlege får ein ny og betre måte å løyse ei oppgåve på, samtidig som det bidreg til å gje IT-bedrifter ein krevjande kunde dei kan utvikle nye tenester saman med.

HØGRE VIL:

- stille krav om forpliktande gevinstplanar ved digitaliseringsprosjekt i staten, slik at det kjem tydeleg fram korleis ein sparar pengar når løysinga blir teken i bruk, og kva gevinstar innbyggjarar, næringsliv og andre offentlege verksemder vil oppleve
- basere offentlig innhenting av informasjon på «berre éin gong»-prinsippet, slik at innbyggjarar og bedrifter slepp å bruke tid på å opplyse om data som myndighetene allereie har

- innføre krav om elektroniske arkiv for saksbehandling i kommunane
- styrkje den digitale kompetansen i grupper med låg digital deltaking, ved å bruke biblioteka som læringsarenaer i tillegg til frivillige organisasjonar og næringsliv
- leggje opp til meir automatisert saksbehandling i saker som eignar seg for det, for å frigjere ressursar og spare tid for innbyggjarar og næringsliv
- gjere bruk av innovative offentlege innkjøp der det er ein god reiskap for å utvikle nye og framtidsretta løysingar
- ta i bruk løysingar i nettskya der det er det mest effektive
- styrkje samarbeidet mellom stat og kommune på område som digital byggesaksbehandling og e-pasientjournalar i eldreomsorga og primærhelsetenesta
- utvikle vidare dei sentrale digitale registera og felleskomponentane, som folkeregisteret, matrikkelen, einingsregisteret og Altinn
- sørgje for at offentlege IT-løysingar blir designa med innebygd sikkerheit og personvern, slik at dette ikkje må tilpassast i ettertid
- prioritere utviklinga av den digitale indre marknaden høgt i samarbeid med EU og styrkje det nordiske samarbeidet om digitalisering
- føre vidare eit høgt digitaliseringstempo i offentlig sektor og leggje til rette for enda fleire digitale sjølvbeteningsløysingar
- gjennomføre fleire samfunnsøkonomisk lønsame digitaliseringsprosjekt, mellom anna gjennom den statlege medfinansieringsordninga
- utvikle Altinn vidare slik at næringslivet har éi digital kontaktflate til offentlig forvaltning
- fornye offentlege databasesystem slik at næringslivet berre treng å rapportere same informasjon éin gong og på éin stad



DET OFFENTLEGE SKAL VERE EIN ATTRAKTIV ARBEIDSPASS

Høgre vil at kommunar, regionar og staten skal vere attraktive arbeidsplassar med dyktige medarbeidarar som trivst.

Dyktige og engasjerte medarbeidarar utviklar trygge velferdstenester. Høgre meiner at det offentlege må bruke arbeidsgjevarrolla til å utvikle kompetanse og rekruttere slik at det offentlege fyller rolla som tenestetilbydar og -utøvar. Det offentlege skal ha kvalitetsbevisste medarbeidarar som trivst i arbeidstakarrolla og i servicerolla overfor befolkninga.

HØGRE VIL:

- at fleire toppleiarar i det offentlege skal tilsetjast på åremål
- i større grad tilby etter- og vidareutdanning for å sikre det offentlege best mogleg kompetanse
- arbeide for at meir av lønnsdanninga i offentlig sektor kan skje gjennom lokale forhandlingar
- følgje opp den nye arbeidsgjevarstrategien i staten og tydeleggjere leiaransvaret og handlingsrommet leiarar har for å utvikle og effektivisere verksemda



LEVANDE DISTRIKT OG LOKALSAMFUNN

Høgre vil ha sterke byar og levande distrikt. Næringsliv og lokalsamfunn må ha fridom og høve til å styre si eiga utvikling.

Ein moderne distriktpolitikk gjer næringslivet rammer for vekst og respekterer privat eigedomsrett og lokal forvaltning. Større lokalpolitisk fridom og handlingsrom vil gje private grunneigarar og utviklingsaktørar nye moglegheiter. Små og mellomstore bedrifter vil få ny vekstkraft og gje grunnlag for nye arbeidsplassar, noko som i sin tur sikrar busetnad i distrikta. Eit viktig grunnlag for levande distrikt er ein distriktpolitikk som er basert på privat eigedomsrett, sjølvråderett og eigne ressursar.

Sterke regionar og sterke regionsenter er ein føresetnad for ein desentralisert bu- og arbeidsmarknad. Regionar som har ein velfungerande kombinasjon av arbeid, bustad, velferds- og fritidsfasilitetar, er attraktive for innbyggjarar og tilflyttarar. Lokal samfunnsutvikling føreset godt samarbeid mellom offentlege, private og frivillige interesser.

Lokalt skjønn skal vektleggjast tungt, lokale forvaltningsorgan skal styrkjast, og lovverket skal fremme rammer for utvikling og etablering av nye arbeidsplassar og vekst i distrikta. Høgre vil ha lokalsamfunn der avgjerder blir tekne så nært den det angår, som mogleg. For Høgre er lokal avgjerdsrett og privat eigedomsrett viktige verdiar for å sikre spreidd busetnad og eit godt lokaldemokrati. Stortinget og regjeringa skal ikkje detaljregulere verken arealspørsmål eller bruksspørsmål for næringar og innbyggjarar med mindre det ligg føre dokumenterbare nasjonale eller internasjonale føringar. Høgre ønskjer å gje meir makt til lokalsamfunnet og mindre makt til staten, men ikkje på kostnad av enkeltmennesket. Lovlegheitskontroll med kommunal verksemd skal ta vare på rettstryggleiken til kvar enkelt borgar.

Lokalisering av statlege arbeidsplassar og offentlege kompetansemiljø utanfor dei største byane bør skje der slik lokalisering har størst potensial for å bidra til regional utvikling, bygge opp under utviklinga av attraktive byar og tettstader og styrkje etablerte nærings- og kompetansemiljø.

HØGRE VIL:

- › at nye statlege verksemdar som hovudregel skal etablerast utanfor Oslo
- › spreie offentlege kompetansesarbeidsplassar over heile landet, også utanfor dei største byane
- › opne for utbygging av nye vassdrag for å sikre tilgang til rein og fornybar energi
- › tillate skånsam kraftutbygging i verna vassdrag utan at det reduserer verneverdiane
- › oppretthalde ei differensiert arbeidsgjevaravgift

- › styrkje utbygginga av infrastruktur i distrikta for å gje næringslivet gode vekstvilkår
- › leggje til rette for utbygging av digital infrastruktur og utvikling av ny kommunikasjonsteknologi for å redusere avstandsulemper i distrikta
- › gje kommunane større myndigheit og lokalt handlingsrom i arealpolitikken
- › halde fram med liberaliseringa og forenklinga av plan- og bygningslova
- › styrkje eigedomsretten og gje grunneigarane større innflytelse på forvaltning, regulering og bruk av areal, også i verneområde
- › at Fylkesmannen i mindre grad skal kunne drive skjønnsbasert overprøving av kommunane
- › føre ein næringsvennleg politikk som gjer grunneigarane større råderett over eigen eigedom og bidreg til verdiskaping og fleire jobbar
- › styrkje dei lokale fjellstyra og oppgåvene dei har med naturoppsyn, skjøtsel og rettleiing, og utvide ordninga med grunneigarstyrt forvaltning av verna og foreslått verna område
- › revidere eksisterande verneforskrifter og forvaltningsplanar for å sjå korleis næringslivsperspektivet eventuelt kan inkluderast betre
- › styrkje regionsentra



EIN OFFENSIV STORBYPOLITIKK

Høgre vil setje storbyane i stand til å møte befolkningsvekst, klima- og miljøutfordringar og sosiale utfordringar.

Storbyane har spesielle utfordringar knytte til befolkningsvekst, sosiale forskjellar og integrering. Høgre vil føre ein offensiv storbypolitikk for å setje byane i stand til å møte desse utfordringane. Fleire arbeidsplassar og gode kollektivtilbod, gode skolar, bustader og barnehagar i byane gjer grunnlag for vekst i nabolag.

HØGRE VIL:

- føre ein politikk som gjer det enkelt å etablere bedrifter og bustader i byane, ved rask saksbehandling og avgrensa høve til innvendingar
- la dei største kommunane få ansvar for fylkeskommunale oppgåver som vegar, kollektivtransport og vidaregåande skule
- etablere kollektivknutepunkt og gode kollektivløysingar i og rundt byane
- gjere dei store byane i stand til å handtere ein stor befolkningsauke og utfordringar knytte til sosiale forskjellar, integrering og migrasjon
- utvikle vidare byområde ved å styrkje bysentera slik at vi får meir gateliv, kultur og fleire arbeidsplassar i bykjernen, noko som vil redusere transportbehovet og klimagassutsleppa
- stimulere til mindre bilbruk, meir samkøying og bildelingsordningar for å gje rom for fleire bilfrie gater for gåande, syklistar, kulturliv og handel
- bidra til balansert regional vekst gjennom å leggje til rette for at byregionane i Noreg kan handtere befolkningsveksten på ein offensiv og berekraftig måte
- sørge for arealplanlegging, infrastruktur og kollektivbygging ut frå naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionar, for å samordne areal- og planpolitikken betre enn dagens kommune- og fylkesgrenser tillét
- føre vidare områdesatsingane for å betre levekåra i område med omfattande levekårsutfordringar
- stimulere til nærings- og sentrumsutvikling gjennom samarbeid mellom offentlege og private aktørar

RASKARE BUSTADBYGGING

Høgre vil styrkje det norske sjølvlegardemokratiet, som inneber å bidra til at fleire kan eige sin eigen bustad.

Høgre meiner at det er ei sentral oppgåve å leggje til rette for at flest mogleg får høve til å eige sin eigen bustad. Større innflytting til byane og rask prisvekst er ei utfordring for unge i etableringsfasen. Difor meiner Høgre at kommunane, regionane eller staten ikkje må påleggje dei som vil byggje eller kjøpe eigen bustad, ekstra restriksjonar.

Høgre vil forenkle regelverket for å byggje bustader og redusere krav og pålegg som fordyrar prosjekta unødig. Høgre meiner det er eit mål at flest mogleg skal eige sin eigen bustad, og at sosiale ordningar difor bør utformast slik at dei inspirerer til å gå frå å leige til å eige.

HØGRE VIL:

- fortsetje å forenkle og modernisere regelverk og fjerne unødvendige krav og pålegg i lover og forskrifter som forseinkar bustadbygginga
- redusere retten til å klage og forenkle prosedyrane når ei byggesak er utforma ut frå gjeldande regulering
- oppmuntre til at kommunane innfører digitale søknadsprosessar for regulering og bygging der det ikkje er gjennomført
- sikre gode og målretta ordningar for bustøtte og startlån for dei som treng det mest
- gjennomgå garantiordninga til Nav slik at fleire kan få ein stad å bu
- setje ein tidsfrist for innvendingar, slik at tidspunktet for oppstart av eit prosjekt er føreseieleg for utbyggjaren
- stimulere til meir bustadbygging i byane gjennom at det blir innført lokale normer med andre krav til uteareal og parkering



- at lover og reglar legg til rette for bygging av gode bumiljø og ein variert bustadstruktur
- leggje til rette for at fleire kan eige sin eigen bustad, for eksempel ved i større grad å ta i bruk den bustadsosiale modellen leige-før-eige over heile landet
- sørge for at Husbanken likebehandlar offentlege aktørar, bustadbyggjelag og private aktørar som ønskjer å ta i bruk ulike variantar av modellen leige-før-eige

STYRKJE DET LOKALE SJØLVSTYRET

Høgre vil fortsetje arbeidet med å effektivisere tilsyn, og vil overføre fleire oppgåver frå staten til større kommunar og regionar.

Høgre vil styrkje lokaldemokratiet og leggje oppgåver og politiske avgjerder så nær innbyggjarane som mogleg. Høgre ønskjer å styrkje makta i lokalsamfunnet på kostnad av statleg makt, men ikkje på kostnad av enkeltmennesket. Difor gjennomfører Høgre ei kommunereform som flyttar oppgåver, styrker det lokale sjølvstyret og sørger for at utdaterte administrative grenser blir erstatta med ein kommunestruktur som samsvarer med oppgåvene som skal løysast. Med færre og større kommunar vil det vere mogleg å byggje sterkare fagmiljø, levere betre tenester og redusere den statlege detaljstyringa ytterlegare. Sterkare kommunar er heilt avgjerande for å hindre sentralisering.

Kommunar som slår seg saman, skal sikrast gode overgangsordningar og permanente løysingar som gjer dei i stand til å tilby gode tenester for innbyggjarane. Høgre meiner at Stortinget har eit overordna ansvar for å sikre at Noreg har ein formålstenleg forvaltningsstruktur, og at det i siste instans må kunne avgjere både størrelsen og talet på kommunar og regionar.

Høgre meiner at ein på sikt må vurdere om to forvaltningsnivå, stat og kommune, er nok i Noreg. Dagens fylkeskommunar er ikkje eit godt svar på dei regionale nærings- og samfunnsutviklingsutfordringane vi har, men å fjerne det regionale nivået heilt er ikkje mogleg før ein annan kommunestruktur med betydeleg større kommunar er etablert. Så lenge Noreg har tre forvaltningsnivå, må ein utnytte dei fornuftig. Høgre er med på å gjennomføre ei regionreform som reduserer talet på fylkeskommunar og tydeleggjer den regionale samfunnsutviklingsrolla fylka skal ha innanfor nokre viktige politikkområde som ikkje kan dekkjast av éin kommune aleine.

Statlege tilsyn gjennom fylkesmenn og statlege etatar skal sikre innbyggjarane gode tenester og lik behandling, og skal kunne utføre legalitetskontroll og etterprøve vedtak for å sikre likebehandling. Statlege innvendingar skal samordnast gjennom Fylkesmannen.

HØGRE VIL:

- › sørge for ei god gjennomføring av vedtekne kommunesamanslåingar og ta initiativet til ytterlegare samanslåingar, slik at vi held fram prosessen mot større kommunar
- › overføre fleire oppgåver frå staten til kommunane og regionane og gje større kommunar og regionar meir ansvar
- › gje kommunane større myndigheit og handlingsrom i arealpolitikken
- › la dei største kommunane få ansvar for fylkeskommunale oppgåver som vegar, kollektivtransport og vidaregåande skule
- › halde fram med liberaliseringa og forenklinga av plan- og bygningslova
- › at Fylkesmannen i mindre grad skal kunne drive skjønnsbasert overprøving av kommunane
- › føre vidare arbeidet med å samordne statlege innvendingar, slik at dei blir samordna via Fylkesmannen
- › dreie tilsynet frå fylkesmennene over til meir kontroll av kvaliteten på tenestene
- › tilpasse strukturen i den regionale inndelinga av statlege etatar til dei nye regionane
- › avgrense oppgåvene til dei nye regionane til regional nærings- og samfunnsutvikling og unngå at dei utviklar seg til overkommunar med eit veksande og overlappende byråkrati
- › leggje ned fylkeskommunen
- › sikre kommunane ei inntektsordning som er basert på effektiv drift og gode velferdsløysingar, der ein del av verdiskapinga frå lokalt næringsliv kan tilfalle kommunane
- › at kommunar kan ha forskjellig strandsone- og utmarksforvaltning når naturforholda og befolkningsstørrelsen tilseier det

HØGRES PROGRAM FOR 2017–2021,
Vedteke av Høgres landsmøte 9.–12. mars 2017

Programkomité:

Torbjørn Røe Isaksen, Telemark, leiar
 Nikolai Astrup, Oslo, nestleiar
 Kent Gudmundsen, Troms
 Grete Ellingsen, Nordland
 Ingrid Skjotskift, Trøndelag
 Ole Gunnar Krakhellen, Sogn og Fjordane
 Jana Middelfart Hoff, Hordaland
 Tina Bru, Rogaland
 Harald Furre, Vest-Agder
 Gunn Cecilie Ringdal, Buskerud
 Paul Chaffeay, Akershus
 Kristian Tonning Riise, Unge Høgre

Programsekretariat:

Geir Staib, leiar
 Kristina Daae Smedsvig
 Alexander Zlatanos Ibsen
 Maria Barstad Sanner

Design og layout:

Schumannndesign.no ved Birthe S. Gravdahl

Trykk:

Rolf Ottesen AS

Forside, øvst til venstre © Torbjørn Kjosvold/Forsvaret.

Bilete som ikkje er kreditert på biletet i trykksaka krediterast Gettyimages.com



Høyres Hovedorganisasjon
Stortingsgaten 20, Oslo
Postboks 1536 Vika, 0117 Oslo

www.hoyre.no
politikk@hoyre.no
+47 22 82 90 00